

Øystre Slidre kommune

ÅRSMELDING
2015

INNHOLD

1.	RESULTAT OG UTVIKLING I 2015.....	5
1.1.	Utvikling i lokalsamfunnet i 2015	5
1.2.	Økonomisk resultat i Øystre Slidre kommune.....	7
1.3.	Utsikter for 2016.....	8
1.4.	Særlege mål og prioriteringar i 2015	8
1.4.1.	Hovudmål for Øystre Slidre kommune	8
1.4.2.	Politiske mål og prioriteringar for 2015	11
2.	ØKONOMISK OVERSYN OG ANALYSE	12
2.1.	Økonomiske nøkkeltal	12
2.2.	Driftsrekneskapen	12
2.2.1.	Driftsinntekter	13
2.2.2.	Driftsutgifter	13
2.3.	Budsjettavvik	13
2.4.	Investeringsrekneskapen	20
2.5.	Balanse - fond - soliditet.....	21
2.6.	Oppsummering	22
3.	ORGANISASJON.....	23
3.1.	Rekruttering	23
3.2.	Sjukefråvær.....	23
3.3.	Lokale lønnsforhandlingar	24
3.4.	Likestilling	25
3.5.	Arbeidstid/deltid	26
3.6.	Etisk standard	27
3.7.	Lønnsrekneskapen.....	27
3.8.	Premieavviket/«pensjonsbomba».....	27
4.	INTERKOMMUNALT SAMARBEID.....	29
5.	ADMINISTRATIV LEIING	30
5.1.	Oversikt over tilsyn i 2013 – 2015	30
5.2.	Beredskap.....	30
6.	STABEN	32
6.1.	Mål og måloppnåing	32
6.2.	Informasjon, sentralbord, postmottak	32
6.3.	Rekneskapsavdeling	32
6.4.	Løns- og personalavdeling	33

6.5.	Bevillingssaker m.m.....	33
7.	PLANAVDELINGA	34
8.	OPPLÆRING OG KULTUR	35
8.1.	Grunnskulen.....	35
8.1.1.	Mål.....	35
8.1.2.	Målloppnåing.....	35
8.1.3.	Tiltak i 2015 for å oppnå mål.....	37
8.2.	Barnehagar	38
8.2.1.	Mål.....	38
8.2.2.	Målloppnåing.....	38
8.2.3.	Tiltak i 2015 for å oppnå mål.....	39
8.2.4.	Tenester og oppgåver i tenesteområdet.....	39
8.2.5.	Arbeidet i barnehagane.....	39
8.2.6.	Privat barnehage.....	39
8.3.	Kultur	40
8.3.1.	Viktige saker i 2015:.....	40
8.3.2.	Mål og målloppnåing.....	40
9.	HELSE OG OMSORG	43
9.1.	Viktige saker og hendingar i 2015	43
9.2.	Mål.....	43
9.3.	Miljøtenesta.....	44
9.4.	IHT - Institusjon og heimebaserte tenester.....	44
9.5.	Helseavdelinga	47
9.6.	Flyktningetenesta.....	48
9.7.	Utfordringar i området for helse og omsorg	48
10.	TEKNISKE TENESTER	49
10.1.	Viktige saker og hendingar i 2015	49
10.2.	Mål og målloppnåing.....	49
10.3.	Kommunale eigedomar	50
10.4.	Vatn og avløp.....	52
10.5.	Brann og feiling.....	54
10.6.	Utbyggingar i 2015	55
11.	NÆRING OG BYGGESAK.....	57
11.1.	Generelt om avdelinga og hendingar i 2015.....	57
11.2.	Byggesak	58
11.3.	Kart og oppmåling	59

11.4.	Jordbruk.....	59
11.5.	Skogbruk.....	62
11.6.	Miljø- og naturforvaltning.....	63
12.	KRAFTFORVALTNING	65
13.	FINANSFORVALTNING.....	67
14.	ØKONOMISKE TABELLAR - RESSURSBRUK - KOSTRA	68
14.1.	Område Opplæring og kultur	68
14.2.	Område Helse og omsorg	69
15.	ÅRSMELDING FOR OMSORGSFONDET 2015.....	70
16.	VEDLEGG	71
16.1.	Folkehelseprofil Øystre Slidre kommune	71
16.2.	Valdres-GIS – vertskommune Vang kommune.....	71
16.3.	Innkjøp - vertskommune Sør Aurdal kommune	71
16.4.	Forsikring - vertskommune Sør Aurdal kommune	71
16.5.	Tenester i vertskommune Nord Aurdal kommune	71

1. Resultat og utvikling i 2015

1.1. Utvikling i lokalsamfunnet i 2015

Øystre Slidre kommune har lagt nok eit godt år bak seg.

Folketalet i Øystre Slidre viste ein svak nedgang siste året frå 3 206 per 1.1.2014 til 3 199 per 1.1.2015.

Tabell 1-1 Folkemengd 1.1.2015 og endringar i 2015 (kjelde: SSB)

	01.01.2015	Fødde	Døde	Føds.-overskot	Nto. Innfl.	Folkevekst	%	folketal 31.12.2015
Landet	5 165 802	59 058	40 727	18 331	29 802	48 133	0,9 %	5 213 935
Oppland	188 807	1 709	1 922	-213	348	135	0,1 %	188 942
Sør Aurdal	3 094	33	41	-8	-32	-40	-1,3 %	3 054
Etnedal	1 402	16	19	-3	-78	-81	-5,8 %	1 321
Nord Aurdal	6 466	62	60	2	-12	-10	-0,2 %	6 456
Vestre Slidre	2 180	16	22	-6	-6	-12	-0,6 %	2 168
Øystre Slidre	3 199	23	32	-9	30	21	0,7 %	3 220
Vang	1 619	11	18	-7	-22	-29	-1,8 %	1 590
Valdres	17 960	161	192	-31	-120	-151	-0,8 %	17 809

Bustadbygginga i kommunen er stabil og god.

Tabell 1-2 Bustadutviklinga

	2011	2012	2013	2014	2015
Einebustadar	1 351	1 361	1 368	1 372	1 373
Tomannsbustadar	159	159	159	159	159
Rekkehus, leilighetsbygg	44	44	44	49	49
Igangsette bustader		8	7	4	1

Tabell 1-3 Fritidsbustadutvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
Tal fritidsbustadar ¹	3 305	3 349	3 369	3 406	3 440
Igangsett	35	49	40	37	34

Reiselivsutvikling på Beitostølen

Reiselivet i kommunen har dei siste åra hatt ei god utvikling i omsetjing. Det har vore gode vinter- og sumarsesongar det siste året.

Det har vorte gjennomført fleire store arrangement på Beitostølen i 2015 som har gitt stor trafikk. Beitosprinten, Trollrock, Bitihorn Classic i tillegg til mange andre arrangement og festivalar har bidrege til vesentleg verdiskaping i kommunen.

Så vel reiselivsnæringa som handelsnæringa har opplevd 2015 som ein opptur, og snølageret på Beitostølen har vore viktig m.a. for tidleg start på skisesongen og avvikling av Beitosprinten.

Samarbeid mellom grunneigarar, utbyggingsinteresser, næringsdrivande og det offentlege er godt, sjølv om det ofte er med kommunen i førarsetet. Som tidlegare år kan ein gje spesiell

¹ Fritidsbustader med fleire bueiningar (leilighetsbygg m.m.) reknast som ei eining

takk til Oppland Fylkeskommune for god støtte både til snøproduksjonsarbeidet og tilskott til tettstadsutvikling og sentrumsprosjektet på Beitostølen.

Primærnæringa i Øystre Slidre

Landbruket er framleis ei viktig næring i kommunen, og mange i næringa ser positivt på framtida, mykje takka vere gode prosessar basert på til dømes bygdeutviklingsmidlane i dei seinare årene.

Det blir elles vist til omtala frå Næring og Byggesak Kap 11 i årsmeldinga.

Arbeidsstyrken i Øystre Slidre

1 813 (mo 1 792 i fjor) innbyggjarar i Øystre Slidre er i løna yrkesaktivt arbeid, mens 24 (27) arbeidsledige i Øystre Slidre kommune per 31.12.15. Talet på uførepensjonistar kommunen i del av befolkninga 18-67 år er på omlag 10 % av arbeidsstyrken. Dette er som landsgjennomsnittet og lågare enn i fylket.

Næringsutvikling

Tabell 1-4 Virksomheter etter region, næring (SN2007), antall bedrifter

Bedriftsutviklinga	2010	2012	2014	2016	10-16
Antal bedrifter	595	596	621	653	58
Meir enn 5 tilsette	67	65	73	78	11
Meir enn 20 tilsette	12	12	12	14	2
Meir enn 50 tilsette	2	2	2	2	0
Jord og Skog	194	191	190	188	- 6
Trevare (eks møbler)	11	9	7	4	- 7
Bygg og anlegg	43	46	51	55	+ 12
Spesialisert bygg (rør/el. m.m.)	54	58	57	60	+ 6
Varehandel	37	35	37	36	- 1
Transport	21	22	18	18	- 3
Overnatting/servering	28	26	27	25	- 3
Eigedomsselskap m.m.	42	41	48	53	11
Kunst og underholdning	11	14	14	16	5

Næringslivet i kommunen er stabilt. Det er positiv utvikling innan bygg og eigedom med tilhøyrande næringar. Stabilt svake tal innan varehandel, særleg sett opp mot utgangspunktet som vekstkommune og besøkskommune. Når det gjeld dei tradisjonelle næringane med jord og skog, overnatting og servering, er tala relativt stabile.

Klima

Klimaendringar er ein av dei viktigaste utfordringane verda står overfor.

Energi og klimaplan (2009-2013) har som visjon at:

Øystre Slidre kommune skal skape energi- og klimafokus for all varsemd og samfunnsutvikling.

Det har i perioden vorte etablert terminaler knytt til bioenergi i kommunen. Dette gjeld etableringar av fyringsterminalar basert på flisfyring på Beitostølen og knytt til Lidar skule og Rogne skule.

Nye kommunale bygg i perioden er bygd med vassboren varme som basert på energikjelder frå flis eller jordvarme.

Beredskap

Det vart gjort ein omfattande jobb med å utarbeide ROS-analyser for heile kommunen i 2014 som ein har hatt nytte av i 2015. Vi har no god oversikt over dei fleste områda der det er grunn til å vurdere risiko og sårbarheit. Det vart i kommunestyresak 13/139 gjort vedtak om oppdatert ROS-analyse for perioden 2014-2017. ROS-analysen oppfyller krava i § 14 i Sivilberedskapslova av 25.6.2010.

Folkehelse

Folkehelse har vore eit satsingsområde i Øystre Slidre i mange år. I samband med krava i ny folkehelselov har kommunen søkt å integrere «folkehelse i alt vi gjør».

Folkehelsearbeidet er samfunnet sin samla innsats for å påverke faktorar som innverkar på folkehelsa i eit samfunn. Folkehelseinstituttet utarbeider årlege folkehelseprofilar for kommunane som viser eit uttrekk av folkehelsetrendar, og samanliknar desse med resten av landet.

Verksemidanalyse

For 5. år på rad er Øystre Slidre rangert relativt høgt oppe blant landets beste kommunar i Kommunebarometeret, som er tidsskriftet Kommunal Rapport si kåring av landets beste kommunar

Det er altså 5. året på rad Øystre Slidre gjer det godt i samanlikninga mellom alle dei 428 kommunane i landet. I 2011 var kommunen nr 5, året 2014 nr 23 og i 2015 nr 56.

Endring i plasseringa frå 2014 til 2015 skuldast svakare driftsresultat i regnskapsåret 2014 (som dannar grunnlag for kommunebarometeret 2015) og endringar i målemetode.

Konklusjonane i Kommunebarometeret 2015 for Øystre Slidre kommune er:

- Skuleresultata på 10. trinn i skulen er middels, men klart betre på nasjonale prøvar.
- Kommunen har noko meir institusjonsbasert eldreomsorg enn normalkommunen
- Fleire tilsette har fagutdanning, andelen er no høg.
- Kommunen har høgare andel plassar for demente enn mange andre kommunar
- Fire av ti saker tar for lang tid innan barnevernet
- Økonomien er solid sjølv om svakare driftsresultat i 2014-rekneskapen enn vanleg.

1.2. Økonomisk resultat i Øystre Slidre kommune

Øystre Slidre kommune har i dei seinare år hatt relative gode økonomiske resultat. Dei to siste åra har resultatet vore noko svakare, men resultatet fortsatt tilfredstillande. I 2015 hadde kommunen eit netto driftsresultat på 7,9 mill. kr. Dette utgjer 2,8 % av samla brutto driftsinntekter.

Kommunen sitt driftsresultat for 2015 er vurdert som tilfredstillande sett i samanheng med utviklingstrekk i den nasjonale økonomien.

Året 2015 var eit utfordrande år for landets økonomi :

1. Den norske krona svekka seg mot utanlandsk valuta
2. Nedgang i oljeprisen
3. Fall i lønsveksten
4. Arbeidsløysa stig
5. Rentenedgang

6. Svært låge kraftprisar
7. Utfordringar knytt til auke i talet på flykningar

Øystre Slidre kommune er ein reiselivskommeune som tener på at norske krona har styrka seg. Og kommunen har tent på at rentene er låge. Men det var spaning gjennom året om ein greidde å oppnå budsjettmål både når det gjeld skatteinntekter og kraftinntekter.

På grunn av prissikring for deler av kommunekrafta, oppnådde kommunen om lag budsjettmålet på kraftinntektene. Og skatteinngangen tok seg kraftig opp dei to–tre siste månadene i 2015.

Dette, saman med mindreutgifter til løn og rimelegare pensjon enn føresett, bidrog til at kommunen oppnådde eit positivt resultat for 2015.

1.3. Utsikter for 2016

Økonomiplanen for 2016-19 viser som tidlegare planperiodar ein plan med mykje vilje til samfunns- og tenesteutvikling.

Regjeringa har varsla vesentlege endringar i inntektssystemet til kommunane. Avklaring omkring dette temaet vil kome i kommuneproposisjonen 11. mai 2016. Kor robust framlagt økonomiplan for 2016-2019 er, avhenger av korleis inntektssystemet vil virke inn på Øystre Slidre kommune sin økonomi.

Innføring av eigedomsskatt også på bustader og fritidsbustader i vår kommune ville gje kommunen eit heilt anna handlingsrom til nye tiltak og verdiskaping.

Øystre Slidre kommune er ein utkantkommune i fjellet med stabilitet i folketalet, vekst i sysselsetning og vekst i kommunale oppgåve. Dette er ikkje vanleg, kommunen er eit særtilfelle.

Kraftinntektene i Øystre Slidre blir budsjettet slik handlingsregelen for god økonomistyring er utforma. På grunn av forventa låg kraftpris innan kraftforvaltninga, er det ikkje føresett årleg avsetning til disposisjonsfond i perioden.

Øystre Slidre kommune er ein robust vekstcommune, som vil kunne levere gode tenester over år. I høve til statlege rammevilkår er det etter rådmannen sitt syn svært viktig å vere offensiv, bruke mulighetene til å påverke før avgjerder blir tekne, og så raskt som muleg tilpasse organiseringa opp mot finansieringa.

Som tidlegare år vil Rådmannen framheve si meining om at det er viktig for offentleg sektor nå å arbeide med omlegging av pensjonssistema for tilsette. Det er ei ikkje ei ynskt utvikling når kommunar no arbeider med å legge lovpålagte tenester ut på anbod for å få tenestene utført av tilsette som ikkje har krav på yttingsbaserte pensjonsordningar.

1.4. Særlege mål og prioriteringar i 2015

1.4.1. Hovudmål for Øystre Slidre kommune

Kommunestyret gjorde i sak 62/12 vedtak om kommunal planstrategi 2012-2016.

Det var fastsett følgjande mål for Øystre Slidre kommune:

1. Øystre Slidre kommune skal vera landets beste bu- og besøkskommune, og vera blant dei beste 10 % av kommunane i landet i kommunebarometeret på kommunale tenester.
2. Øystre Slidre kommune skal vere den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbyggjar.

3. Øystre Slidre kommune skal vere ein pådrivar i regionalt samarbeid, til beste for innbyggjarane og for gjester i kommunen.
4. Beitostølen som sentrum skal stå fram som eit attraktivt reisemål, og ein god handels- og møteplass.
5. Øystre Slidre kommune skal heile tida vere ei av Noregs viktigaste kunnskapsbygder, både på kommunalt og privat nivå.

Desse hovudmåla er konkretisert i delmål, delt inn i følgjande kategoriar:

- **Vekst i kvalitet**
 - Øystre Slidre kommune skal syte for berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet (Planavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur, -kultur -og miljøkvalitetar. (Planavdelinga og Kulturavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggjande behov. (gjennomgåande)
- **Alle skal med**
 - Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge og glade, sjølvstendige og skapande born og unge. (Opplæring og kultur og Helseavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal vera ei god bu -og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids -og fritidssituasjon (Plan, Opplæring og kultur - Helseavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal stimulere frivillighet, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon. (Helseavdelinga, IHT og Kultur)
- **Offensiv organisasjon**
 - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er brukar -og serviceorientert. (gjennomgåande)
 - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga. (Planavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida, (Stab/adm. leiing)
 - Øystre Slidre kommune skal drive aktiv informasjon (Stab)
- **Nærings- og samfunnsutvikling**
 - Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur og nærings -og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv. (Plan og Bygg/Næring)
 - Kommunen skal vera ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping gjennom god fortløpande dialog med næringslivet og lokalsamfunnet, (Bygg og Næring)
 - Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar moglegheitene og våger å gripe dei. For å kunne vera blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga. (Plan og Bygg/Næring)
- **Oppvekst og læring**

- Øystre Slidre kommune skal vera over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring.
- Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like mogleger for utvikling.
- Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta eigne og gode val for framtida skal stimulerast.
- I Øystre Slidre skal det vera garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle. (Opplæring og kultur)
- **Folkehelse, omsorg og sosiale tenester**
 - Øystre Slidre skal vera over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester.
 - Øystre Slidre kommune skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vera betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelse, slik intensjonane er i Folkehelselova (Helseavdelinga)
 - Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får moglegheit til sunn livsstil, med tryggleik for at ein frå den hjelpa ein treng når det trengs. (Planavdelinga)
- **Samferdsel**
 - Øystre Slidre kommune skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå i denne.
 - Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthamn, Leirin, som rute og charterflyplass, då kommunen ser dette som sers viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres.
 - Øystre Slidre kommune skal utvikle eigen trafikksikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide med sykkel og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegande.
 - Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilsakleg skilting til bedrifter, naturområde, attraksjonar.(Planavdelinga)
- **Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling**
 - Øystre Slidre skal vera blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland.
 - Kommunen skal gjennom Samfunnsplanen tilretteleggje for arbeidsplassar, nyskaping samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak.
 - Regional sentrumsutbygging: Beitostølen skal byggast ut vidare og vera ein av tre framtidige sentrum i regionen saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira. (Planavdelinga)
- **Kommunaltekniske tenester**
 - Øystre Slidre skal gjennom Arealdelen til kommuneplanen sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.
 - Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avlaupsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
 - Kommunen vil og arbeide for at dei delande av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer fare for forureining.

- Kommunen ska vera i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.(Planavdelinga)
- **Idrett og kultur**
 - Øystre Slidre kommune skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.
 - Øystre Slidre kommune ynskjer å ver den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i kommunen.
 - Kommunen skal støtte opp om gode kultur –og idrettsarrangement, og som eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom Samfunnssdelen skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet. (Planavdeling og Kultur).

1.4.2. Politiske mål og prioriteringar for 2015

Kommunestyret har i sak 037/14 lagt til grunn slik prioritering i økonomiplanarbeidet:

Tabell 1-5 Prioritering

Prioritering	Gjennomført
1. Omsorg (VLMS og kommunale tilbod)	a. Vedta ny kommunedelplan for Helse og Omsorg b. Satse på E-IHT c. Bygge omsorgsbustader på onstadtomta
2. VA fjell og bygd	a. Lidar - Sælid b. Gravfjellet
3. Næringsarbeid	a. Grunderarbeid b. Næringsseminar c. Studietur d. Næringsmiddel
4. Sentrum og trivsel	a. Beitostølen - stedsutvikling b. Heggenes - Lidar c. Arealdel - gang og sykkelveg
5. Ta i mot nye innbyggjarar	a. Variert butilbod b. Arbeid og trivsel c. Norskoplæring
6. Posisjonering i regionalt arbeid og kommunefornying	-
7. Ny kommunedelplan for Areal	-

2. Økonomisk oversyn og analyse

Alle kommunar skal utabeide årsmelding, jamfør kommunelova § 48 nr 5 og § 10 i rekneskapsforskrifta. I dette kapitlet blir det framstilt nøkkeltal, kommentert budsjettavvik og vesentlege forhold knytt til driftsrekneskapen, investeringsrekneskapen og balansen.

2.1. Økonomiske nøkkeltal

Årsrekneskapen for Øystre Slidre kommune for 2015 viser eit netto driftsresultat på 7,9 mill. kr, som utgjer 2,8 % av driftsinntektene og eit disposisjonsfond på 69,5 mill. Dette er godt innanfor resultatmål fastsatt i handlingsregelen.

Kommunen sin arbeidskapital er solid.

2.2. Driftsrekneskapen

Tabell 2-1 Nøkkeltal driftsrekneskapen

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Brutto driftsinntekter	-279 486	-261 129	-263 867
Brutto driftsutgifter	280 643	253 387	270 102
Brutto driftsresultat	1 157	-7 742	6 235
Netto finans	6 754	6 935	5 808
Motpost avskrivningar	-15 812	-	-14 873
Netto driftsresultat	-7 901	-807	-2 830
Netto avsetning til fond	4 460	807	2 830
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-3 441	-	-

Handlingsregel om god økonomistyring

I kommunestyresak 53/13 vart det gjort vedtak om kommunen sin handlingsregel om god økonomistyring.

Det vart fastsett resultatmål knytt til følgjande nøkkeltal :

- Netto driftsresultat 3,0 %
- Disposisjonsfond 17,5 %
- **Lånegjeld 40,0 %** (under føresetnad av 100 % inndeckning innan sjølvkostområde VA)

Grunnlaget for berekning er andel av brutto driftsinntekter i sist avgalde rekneskapsår, eks. inntekter frå sjølvkostområde (vatn, avløp og renovasjon).

Basis (driftsinntekter) for utrekning av resultatmål i årsmeldinga for 2015 er årsrekneskapen for 2014.

Tabell 2-2 Handlingsregelen

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Netto driftsresultat - mål 3%	2,8 %	0,3 %	1,1 %
Lånegrad - tak 40%	31,5 %	31,8 %	25,9 %
Disposisjonsfond - 17,5%	29,2 %	26,6 %	17,1 %

Tabell 2-3 Grunnlag for nøkkeltal for lånegjeld og disp. fond

	Tal	I prosent
Brutto driftsinntekt 2014	263 867	
Frådrag for inntekt frå VA	-15 595	
Frådrag for inntekt frå renovasjon	-9 812	
Korrigert inntekt - eks VAR	238 460	
Lånegjeld totalt per 31.12.2015	173 499	
Låneandel eks. VA og lån m/rentekomp	75 000	31,5 %
Dispositionsfond per 31.12.2015	69 547	29,2 %

2.2.1. Driftsinntekter

Rekneskapen for 2015 viser samla brutto driftsinntekter på 279,5 mill. kr. Dette er ei auke på 15,6 mill. (5,93 %) frå 2014.

- Rammetilskott og skatteinntekter utgjer 178,9 mill. kr av inntektene (64 %), ei auke frå 2014 med 7,6 mill. kr
- Inntekter frå kraftsektoren utgjorde 17,3 mill. (auke på 0,6 mill. kr mot 2014). Desse inntektene utgjer 6,1 % av brutto driftsinntekter.
- Brukarbetalingar og salsinntekter eks. kraftinntekter utgjorde 46,7 mill. kr og 16,7 % av inntektene i 2015 som er ei 1,4 mill. auke i forhold til 2014.

2.2.2. Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter for 2015 utgjorde 280,5 mill. kr, ei auke på 3,7 % frå 2014.

- Løns- og personalutgifter på 165,4 mill. kr **utgjorde 59 %** av driftsutgiftene i 2015
- Kjøp frå andre kommunar på 19,9 mill. kr utgjorde 7,1 % av brutto driftsutgifter i 2015
- Kjøp av-/overføringar til IKS i 2015 utgjorde 13,2 mill.kr (4,7 % av brutto driftsutgifter) i 2015
 - Av dette utgjorde innkravde gebyr som er overført til VKR 7,2 mill. kr.
- Andre utgifter utgjer 81,6 mill. kr (29,0 % av utgiftene)

2.3. Budsjettavvik

Det vart gjennom året gjort følgjande tilleggsløyvingar (drift og investering):

Tabell 2-4 Tilleggsløyvingar gjennom 2015

Sak nr	Tekst	Drift	Investering
K.sak 53/15	ØSUS - kantine		250 000
K.sak 53/15	ØSUS - brannvarsling		400 000
K.sak 85/15	Reduksjon av invest. budsjett		-25 470 000

Re-budsjettert i 2016

F.sak 74/15	Arealdel Heggenes - konsulent	300 000
K.sak 6/15	Tilskott til fiberutbygging	242 000
F.sak 68/18	Kjøp av tomt Moavegen 19	310 000
Sum		-24 510 000


Nedanfor blir budsjettavvika for 2015 omtala. Her er det oppført ei oversikt dei mest vesentlege avvika mot budsjettet for 2015.

Det blir elles vist til kommentar i kapitla frå dei enkelte verksemndene i kap. 4 - 14.

Rekneskapen for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 3 526 629 kr og eit netto driftsresultat på 8 331 291 kr.

Tabell 2-5 Dei mest vesentlege avvika mot budsjett (i mill. kr)

AVVIK MOT BUDSJETT		Mindreutg.	Meirutg.	Mindreinnt.	Meirinnt.	SUM
Drift	Løn og pensjon bto.	-3,8				-3,8
	Brannvesen		0,9			0,9
	Veg;brøyting/teknisk		0,7			0,7
	Bygg -teknisk		1,2			1,2
	Leigeinntekter teknisk			0,4		0,4
	Rogne barnehage		0,4			0,4
	Skatt og rammetilskott				-3,5	-3,5
	Gebyrinntekter				-0,8	-0,8
	Andre forhold		0,4			0,4
VA	Netto VA drift	-4,0				-4,0
Finans	Netto finans	-0,2				-0,2
Kraft	Netto resultat kraft			0,4		0,4
SUM		-8,0	3,6	0,8	-4,3	-7,9

Figur 2-1 Netto utgifter per verksemد samanlikna med budsjett 2015

Kommentarar til rekneskapen per verksemد:

1. Politisk leiing

For 2015 vart det ei mindreutgift på 338 000 kr for politisk leiing, som i hovudsak kan forklaraast med mindre utgifter til løn og møtegodgjering og pensjonsutgifter til folkevalde enn føresett i budsjettet.

Tabell 2-6 Politisk leiing og kontrollorgan

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
KOMMUNESTYRE/FORMANNSKAP	1 480	1 951	-471	1 724
VALAVVIKLING	156	67	89	23
STØTTE TIL POLITISKE PARTI	47	47	-	47
ELDRERÅDET	51	26	25	36
KULTURAKTIVITETAR	28	8	20	31
RÅD FOR MENNESKE MED RED FUNKSJONSEVNE	-	2	-2	-
DIVERSE FELLESTENESTER	-	-	-	2
Sum	1 763	2 101	-338	1 861

2. Administrativ leiing og administrasjon

Rekneskapen for 2015 viser samla mindreutgifter for administrativ leiing og administrasjon i kommunen på 2,753 mill. kr.

Budsjettavviket er i hovudsak knytt til:

- Mindreutgift for løn og pensjon (*viser elles til kap. 3*)
- Mindreutgifter til lisener

Tabell 2-7 Adm. leiing og fellestenester

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik 2015	Rekneskap 2014
ADM. LEIING OG FELLESTENESTER	4 015	4 654	-639	3 800
STAB	6 622	7 731	-1 109	6 424
PLAN	3 881	4 354	-473	4 193
OPPLÆRING OG KULTUR FELLES	6 210	6 516	-306	5 808
HELSE OG OMSORG FELLES	3 821	4 047	-226	2 219
Sum	24 549	27 302	-2 753	22 444

3. Grunnskulen

Samla sett er skulane er innanfor budsjettet. En av hovedårsakane til mindreutgifa på 0,8 mill. i grunnskulen er mindre skyssutgifter enn budsjett på 0,5 mill.kr

Tabell 2-8 Grunnskulen

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE	12 302	12 636	-334	12 426
ROGNE SKULE	11 101	11 673	-572	11 207
LIDAR SKULE	12 187	12 081	106	12 758
Sum	35 590	36 390	-800	36 391

4. Barnehagar

Samla hadde barnehagane eit netto mindreforbruk på 43 000 kr. Beito Barnehage og Tingvang barnehage hadde netto mindreforbruk på høvesvis 297 000 og 214 000 kr, som i hovudsak skuldast mindre bemanning enn budsjettet og ein del sjukefråvær som ikkje er erstatta med vikar. Drifta i Rogne barnehage derimot viser til eit netto overforbruk på 468 000 kr, som er relatert til meirutgifter til innkjøp av inventar og utstyr i samband med oppstart i bruk av nye Rogne barnehage.

Tabell 2-9 Barnehagar

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
TINGVANG BARNEHAGE	3 952	4 166	-214	4 274
ROGNE BARNEHAGE	5 474	5 006	468	4 974
BEITO BARNEHAGE	4 228	4 525	-297	4 528
Sum	13 654	13 697	-43	13 776

5. Kultur

Utgiftene innan sjølva drifta i verksemda var godt i takt med budsjett.

Kulturskulen har stor aktivitet og sel tenester til andre. Difor vart det ei meirinntekt i høve til budsjettet i brukarbetalingar som bidrar til netto mindreutgift på 301 000 kr

Innan kulturforvaltninga var det for 2015 ei netto mindreutgift på 261 000. Medan tilsvarende avdeling for 2014 hadde ei meirutgift på 694 000 kr. Dette skuldast i hovudsak forskyvingar mellom år knytt til utbetaling av kommunalt tilskott i spelemiddelsaker.

Tabell 2-10 Kultur

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
KULTURSKULEN	1 778	2 079	-301	1 724
KULTUR	5 452	5 713	-261	6 170
FRIVILLGHETSENTRALEN	278	324	-46	321
BIBLIOTEK	1 169	1 218	-49	1 259
Sum	8 678	9 334	-656	9 474

6. Helsetenesta

Innan helseavdelinga vart det eit budsjettavvik på 1 192 000 kr.

Avviket er relativt høgt og har bakgrunn i fleire forhold:

- Innan legetenesta vart det eit avvik på 568 000 kr grunna meirutgifter til legevakt og svikt i refusjonar til turnuslege samt høgare lisensutgifter enn budsjettet
- Innan fysioterapi er det ei meirutgift på 203 000 kr i hovudsak skuldast føresett statstilskott fell bort frå avdelinga og overført til IHT i det tilskottet var knytt til fysioterapi i institusjon.
- Avviket innan Arbeid og aktivitet på 838 000 kr er i hovudsak grunna mindreinntekt frå refusjonar og statstilskott.

Tabell 2-11 Helsetenesta

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
HELSEAVDELING - ADM	420	708	-288	445
KOMMUNELEGE	6 194	5 487	707	5 895
FYSIOTERAPI	1 098	895	203	1 074
HELSESTASJON	1 857	1 916	-59	1 740
FRISKLIVSSENTRALEN	264	348	-84	187
FOLKEHELSE	224	225	-1	237
PSYKISK HELSETENESTE	2 056	2 180	-124	2 256
ARBEID AKTIVITET	2 423	1 585	838	2 573
Sum	14 536	13 344	1 192	14 406

7. Sosiale tenester

Nord Aurdal kommune er vertskommune for desse tenestene. Det vart mindreutgifter på 193 000 kr for sosiale tenester i 2014.

Tabell 2-12 Sosiale tenester

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
NAV	5 704	5 012	692	5 652
BARNEVERN	4 795	3 270	1 525	2 939
FLYKTNINGEORDNINGA	-3 382	-924	-2 458	-449
Sum	7 116	7 358	-242	8 142

NAV

På NAV-området viser rekneskapen eit nettoavvik mot budsjett på 692 000 kr. Dette grunnast i meirutgift i økonomisk sosialhjelp og mindreinntekter i tilskott og refusjonar i 2015.

Barnevern

Meirutgifter på 1 525 000 kr har sin bakgrunn i 202 000 i meirutgifter til kontordrift og 1 323 000 kr knytt til tiltak.

Flyktningordninga

Netto mindreutgift på 2 458 000 kr kjem fram som ein følgje av meirinntekter på 4 108 000 kr relatert til integreringstilskott m.m., og meirutgifter på 1.650 000 kr i forhold til budsjettet for 2015.

Tabell 2-13 Flyktningeordninga

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2015
INTRODUKSJONSSTØNAD	1 885	1 150	735	851
KJØP AV VARER OG TENESTER	11	-	11	6
INVENTAR OG UTSTYR	408	150	258	194
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE KOMMUNER	1 700	1 066	634	1 088
KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	4	10	-6	-
OVERFØRINGER	18	-	18	540
Sum utgifter	4 026	2 376	1 650	2 679
REFUSJONER	-1	-	-1	-83
STATSTILSKOT	-7 407	-3 300	-4 107	-3 046
Sum inntekter	-7 408	-3 300	-4 108	-3 129
Sum	-3 382	-924	-2 458	-449

8. Institusjon og Heimebaserte Tenester - IHT

Samla sett er nettoutgiftene til sjukeheimen og heimetenesta (IHT) lågare enn budsjettet (mindreutgift på 2 436 000 som fordeler seg med kr 900 000 i mindre pensjonsutgifter og mindre lønsutgifter pga. vakansar og andre forhold knytt til lønsområdet).

Tabell 2-14 Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
FELLES IHT	1 795	2 345	-550	640
SJUKEHEIMEN	23 843	25 668	-1 825	25 106
HEIMETENESTA	14 202	14 263	-61	16 000
Sum	39 840	42 276	-2 436	41 746

9. Miljøtenesta

Miljøtenesta gikk ut med ein mindreutgift på 500 000 kr i 2015 grunna i mindreutgift til netto løn inkl. pensjon.

Tabell 2-15 Miljøtenesta

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
MILJØTENESTA	12 200	12 700	-500	11 872
Sum	12 200	12 700	-500	11 872

10. Tekniske tenester

Drifta gjekk samla ut med vesentlege meirutgifter i 2015.

Moment knytt til meirutgiftene i verksemda er :

- Brøytning og vedlikehald på veg: 591 000
- Bygg – drift og vedlikehald: 1 394 000
- Brann – løn overtid og tillegg: 714 000
- Brann – drift: 224 000
- Tilskott på 500 000 kr til Volbu Grendelag er ført i drift. Dette var budsjettet i investeringsbudsjettet for 2015.

Tabell 2-16 Tekniske tenester

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
TEKNISKE TENESTER FELLES	936	912	24	1 020
KOMMUNALE BYGG OG REINHALD	12 673	10 899	1 774	11 602
EIGEDOM OG VEG	2 798	2 055	743	2 929
VATN	-2 017	-2 764	747	-1 768
AVLØP	-2 792	-2 678	-114	-2 730
BRANN OG FEIERVESEN	4 171	3 233	938	3 330
Sum	15 769	11 657	4 112	14 383

11. Næring og byggesak

Samla sett gikk området med 1 400 000 kr i netto mindreutgift i 2015 som i hovudsak kan skuldast meirinntekter på oppmålings- og byggesaksgebyr. Det er også mindreutgifter knytt til løn grunna vakansar i 2015.

Tabell 2-17 Næring og byggesak

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik	Rekneskap 2014
NÆRING OG BYGGESEN FELLES	1 243	1 057	186	814
BYGGESEN	-1 065	-98	-967	-859
NÆRING	4 417	5 036	-619	5 712
Sum	4 595	5 995	-1 400	5 667

Tabell 2-18 Næringsutvikling

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik(per.)	Rekneskap 2014
KOMMUNALE NÆRINGSTILTAK	358	381	-23	298
Tilskott Destinasjon Valdres	720	720	0	720
VALDRES NATUR OG KULTURPARK	792	792	0	792
ANDRE NÆRINGSTILTAK	200	250	-50	559
STIG OG LØYPEPLAN	264	200	64	733
TILSKOTT TIL LØYPELAG	250	250	0	249
LØYPELEIGE -GRUNNEIGARAR	198	460	-262	208
Beitostølen Stadion - leige - tilskott	360	210	150	357
KUN-nemnda	264	300	-36	236
Sum	3 406	3 563	-157	4 152

2.4. Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen for 2015 er gjort opp med samla investeringsutgifter på 32,28 mill. kr. Av dette er 16,188 mill. kr finansert med innskott frå ubrukte lånemiddel.

I utgiftene inngår utgifter med 100 % refusjon knytt til utbyggingsavtaler (Markahøvda).

Største enkelprosjekt i 2015 var utbygging av nye Rogne barnehage med budjettramme på 34,5 mill. kr. Utgifter i 2015 til dette prosjektet var på 15,28 mill. kr.

Erstatning/kompensasjoner knytt til Rogne barnehage er forventa å kome på om lag 1,5 mill. kr. Dette beløpet er ikkje bokført i rekneskapen per 31.12.2015.

Prosjekt som ikkje er ferdigstilte er re-budsjetterte i 2016.

Tabell 2-19 Investeringer

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik
Andelsinnskot i KLP	575	600	-25
Avdrag formidlingslån	299	1 000	-701
ØSUS Brannvarsling	308	300	8
ØSUS - heimkunnskapsrom	-	650	-650
Rogne skule - parkeringsplass	-	2 000	-2 000
VA Solhaug - gangfelt R51	3 499	-	3 499
Rogne barnehage	15 280	14 500	780
Tenestebilar	277	-	277
Bustad - moavegen 1	9	2 690	-2 681
Volbu skule / grendelag	-	1 000	-1 000
Brannbil	640	1 800	-1 160
Tomtekjøp Heggenes	308	310	-2
Sentrumsplan Beitostølen	23	2 200	-2 178
Gangveg BHSS - sør	1	750	-748
Markahøvda utbyggingsområde	8 995	-	8 995
VA - Lidar - Sælid	86	1 000	-914
VA Yddin	-	3 500	-3 500
Nedrefoss ra - garderobe	17	-	17
Ungdomshus	291	3 500	-3 209
Ole vassverk - behandlingsanlegg	-	500	-500
Dalsvegen (VA Lidar - Sælid)	-	500	-500
Avsatt til ubunden kapitalfond	172	1 000	-828
Avsatt til bunden kapitalfond	1 500	-	1 500
T O T A L T	32 280	37 800	-5 520

Tabell 2-20 Finansiering av investeringar

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik
Salg av fast eigedom	-272	-1 000	728
Momskompensasjon - invest	-4 109	-6 214	2 105
Refusjon frå fylkeskommunen	-135	-475	340
Refusjon frå private	-10 167	-1 000	-9 167
Overføring frå private	-110	-	-110
Bruk av lånemiddel	-16 188	-19 130	2 942

Mottatte avdrag	-221	-500	279
Bruk av disposisjonsfond	-	-3 000	3 000
Bruk av disposisjonsfond - kraft	-1 077	-5 481	4 404
Bruk av ubunden kapitalfond	-	-1 000	1 000
TOTALT	-32 280	-37 800	5 520

2.5. Balanse - fond - soliditet

1. Anleggsmiddel utgjer 755,2 mill. kr. Dette består av bokført verdi av kommunale eideomar, ansvarleg lånekapital til Eidsiva Energi A/S og Valdres Energiverk A/S samt formidlingslån, sosiale lån og aksjar og andelar i andre selskapet.
I tillegg til ovannemnde kjem også pensjonsmidlane knytt til anleggsmiddel, som utgjer 282,4 mill. kr. Desse midlane kan setjast i forhold til kommunen sine opparbeidde pensjonsplikter overfor eigne tilsette, og tidligare tilsette sine pensjonsrettar oppført på gjeldssida i balanse på 337,8 mill. kr.
2. Omløpsmiddel utgjer 136,6 mill., noko som er ei nedgang på 13,7 mill. Premieavviket, som inngår i omløpsmidlane, utgjer 20,6 mill. kr (ei nedgang på 2,9 mill. kr).
3. Eigenkapital er oppført med 338 mill. Korrigert for kapitalkonto utgjer kommunen sine fond samla 93 mill. kr per 31.12.2015, som er ei auke 8 mill. kr i forhold til 2014.
4. Langsiktig gjeld er oppført med 511,267 mill. inkl. pensjonsplikter. Kommunen sin lånegjeld er på 173,5 mill.kr., ein nedgang på 10,1 mill.kr. Dette skuldast at det ikkje vart take opp nye lån i 2015.

Tabell 2-21 Balanse per 31.12.2015 (i heile tusen)

	2015	2014
EIENDELER		
Anleggsmidler	755 173	726 887
<i>Herav:</i>		
Faste eiendommer og anlegg	392 312	383 795
Utstyr, maskiner og transportmidler	8 133	7 507
Utlån	27 604	28 229
Aksjer og andeler	44 759	44 184
Pensjonsmidler	282 363	263 173
Omløpsmidler	136 586	150 315
<i>Herav:</i>		
Kortsiktige fordringer	27 314	21 043
Premieavvik	20 577	23 444
Obligasjoner	-	4 973
Kasse, postgiro, bankinnskudd	88 694	100 854
SUM EIENDELER	891 759	877 203

EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	337 506	318 583
<i>Herav:</i>		
Disposisjonsfond	69 547	59 036
Bundne driftsfond	14 202	21 447
Ubundne investeringsfond	9 062	8 774
Bundne investeringsfond	1 617	117
Endring i regnskapsprinsipp Drift	-4 276	-4 276
Regnskapsmessig mindreforbruk	3 441	-
Kapitalkonto	243 912	233 485
Langsiktig gjeld	512 267	510 707
<i>Herav:</i>		
Pensjonsforpliktelser	337 767	327 068
Andre lån	173 499	183 638
Kortsiktig gjeld	41 876	47 913
<i>Herav:</i>		
Annен kortsiktig gjeld	41 876	47 913
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	891 759	877 203

2.6. Oppsummering

- Kommunen si finansielle stilling er god
- Mindreutgifter knytt til løn og pensjon bidreg sterkt til eit positivt resultat for 2015
- Året 2015 var prega av låge kraftprisar, låg rente og usikkerheit knytt til skatteinngang
- Av lånegjeld på 173,5 mill. kr er 1,1 mill. unytta per 31.12.2015
- Kommunen sin økonomi viser til resultatmål innan får handlingsregelen både på netto driftsresultat, lånegjeld og nivå på disposisjonsfond per 31.12.2015

3. Organisasjon

3.1. Rekruttering

Rekrutteringssituasjonen har vore rimeleg stabil over dei siste åra. Det er gjennomgåande god søking til ledige stillingar, og generelt opplever kommunen framleis å ha godt kvalifisert arbeidskraft i dei fleste stillingane. Særleg når det gjeld einskilde høgskulegrupper og i leiarstillingar kunne ein ha ønskt seg noko betre søker til stillingane.

Kommunen ser også utfordringar knytt til deltidsstillingar i helse- og omsorgssektoren. Deltidstilsette sin lovfesta rett til stillingsutviding fører til at kommunen sjeldan har høve til å lyse ut større stillingar eksternt. Difor er det ei utfordring å rekruttere inn ny faglært arbeidskraft til denne sektoren. Nye arbeidstakarar må rekne med å starte i ein liten fast stillingsandel, noko som kan gjere kommunen mindre attraktiv som arbeidsgjevar.

3.2. Sjukefråvær

Kommunen hadde i 2015 eit sjukefråvær på 8,9 %. Fordelt på område er tala slik:

Tabell 3-1 Sjukefråvær etter område

	2015	2014
Opplæring og kultur	7,8 %	4,8 %
Helse og omsorg	11,8 %	10,3 %
Andre	4,8 %	4,1 %
Totalt for kommunen	8,9 %	6,9 %


Talet på 8,9 % må historisk sett betraktast som eit høgt nivå for Øystre Slidre kommune. Likevel ligg nivået i Øystre Slidre truleg framleis noko under snittet i kommunesektoren.

Utviklinga i Øystre Slidre gjennom dei siste åtte åra har vore slik:

Figur 3-1 Utvikling sjukefråvær



Som tidlegare er det langtidsfråværet som utgjer hovudtyngda av sjukefråværet i kommunen. Kroniske/alvorlege lidingar gjev stort utslag på statistikken:

Figur 3-2 Sjukefråvær etter kategori

Kommunen har inngått avtale om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen), og har rutinar for oppfølging av langtidssjukmeldte.

3.3. Lokale lønnsforhandlingar

Rådmannen gjennomførte lokale lønnsforhandlingar for tilsette i kapittel 3 og 5 i Hovudtariffavtalen i 2015. Det vart til saman fordelt 367 550 kr i desse forhandlingane:

Tabell 3-2 Lokale forhandlingar

Område	Beløp
Kapittel 3 (leiarar, berre lokal lønnsdanning)	172 000
Kapittel 5 (i hovudsak akademikarar, berre lokal lønnsdanning)	195 550
Totalt	367 550

Midlane er fordelt etter forhandlingar med lokale organisasjonar, og det var semje om resultatet med alle organisasjonane.

3.4. Likestilling

Det er framleis eit relativt kjønnsdelt arbeidsmønster i kommunen.

Tabell 3-3 Likestilling


Status per 31.12.15

Kvinneandel tilsette	243 av 302 (80,5 %)
Kvinneandel årsverk	78,6 %
Kvinneandel toppleiarar (tilsette)	1 av 3 (33 %)
Kvinneandel mellomleiarar (tilsette)	11 av 16 (68,8 %)
Snitt reg.lønn kvinner	435 299
Snitt reg.lønn menn	480 719


Pr. desember 2015 hadde kvinner ei gjennomsnittleg regulativlønn på 90,6 % av gjennomsnittet for menn (i grunnlaget ligg om lag 228 årsverk). Tilsvarande tal for 2014 var 91,0 %, noko som betyr at Øystre Slidre kommune har hatt ei svakt **negativ** likelønnsutvikling frå 2014.

Utviklinga har vore slik:

Figur 3-3 Utvikling av relativ kvinnelønn




Tabellen over viser at den positive likelønnsutviklinga for mellomleiargruppa dei siste åra vart broten i 2015. Dette er hovudforklaringa på den negative likelønnsutviklinga frå 2014-15.

Figur 3-4 Kvinneandel av årsverk

3.5. Arbeidstid/deltid

Øystre Slidre kommune har fokus på deltidsproblematikk. Gjennomsnittleg stillingsprosent (fast tilsette) har utvikla seg slik (status pr. 31.12 kvart år):

Figur 3-5 Utvikling deltid

Øystre Slidre kommune praktiserer deltidstilsette sin rett til stillingsutviding, gjennom å lyse ut ledige faste stillingar internt i samsvar med føresegnene i Hovudtariffavtala. Der det blir vurdert som føremålstenleg, opnar kommunen for å dele stilling (at deltidstilsette kan søkje på dei delane av den ledige stillinga som let seg kombinere med eksisterande stilling).

Dette er likevel eit stort dilemma i turnusyrke, der krav til bemanning på helg vil medføre at stillingsutvidingar vil utløyse fleire reine helgestillingar (små delstillingar) – noko som ingen vil være tent med. Kommunen har difor hovudfokus på kva ein ev. kan gjere for å auke *gjennomsnittleg stillingsprosent*.

3.6. Etisk standard

Kommunen har retningslinjer for mislegheiter. Likebehandling og habilitet er viktige verdiar i Øystre Slidre kommune, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå i 2015.

Etikkprosjektet «Etikk i fokus» i samarbeid med KS vart avslutta som prosjekt i 2014, og er no implementert i drift i heile helse- og omsorgstenesta i kommunen. Etikkarbeidet er systematisert i tenestene sine årshjul, men vert og nytt sporadisk etter møter, rapportar og fagsamlingar. Etikk som satsingsområde er forankra i administrativ og politisk leiing.

3.7. Lønnsrekneskapen

Lønnsrekneskapen (konto 1010-1099) viser eit forbruk på 164,1 mill. kr. Dette er om lag 1,6 mill. under budsjett (99 % av budsjett). I tillegg viser refusjonar (sjukelønn og fødselspengar) meirinntekt i forhold til budsjett på nær 2,2 mill. kroner (til saman om lag 3,8 mill. kr i mindreforbruk).

Korrigert for eit meirforbruk på andre lønnsrelaterte postar², blir det totale mindreforbruket på lønnsområdet (inkl. refusjon) på om lag 3,5 mill. kr.

Hovudforklaringa på det store budsjettavviket er:

- | | |
|--|-------------|
| • Vakansar i faste stillingar (fastlønn og sos.utg.) | - 1,6 mill. |
| • Lønnsoppgjeren (fastlønn og sos.utg.) | - 1,0 mill. |
| • Statens pensjonskasse – premieavvik | - 1,3 mill. |
| • Ekstraordinært mottak av flyktningar | 0,7 mill. |
| • Overforbruk anna lønn/tillegg brann | 0,7 mill. |
| • Mindreforbruk tillegg IHT | - 0,5 mill. |
| • Netto mindreforbruk sjukevikar/refusjon | - 0,3 mill. |

3.8. Premieavviket/«pensjonsbomba»

For første år sidan ordninga med premieavvik vart innført i 2002 hadde kommunen i 2015 eit negativt premieavvik til KLP (som har ført til at det akkumulerte premieavviket gikk ned i 2015). Premieavviket er ein konsekvens av at reglane for kommunal rekneskapsføring seier at kommunen kan rekneskapsføre eit anna beløp (ein berekna «netto pensjonskostnad») enn det som blir innbetalt. Intensjonen med ordninga er at kommunane i sine rekneskap skal kunne


² Konto 1160-1167 og 1271 (skyssgodtgjersle, konsulenthonorar og annan utgiftsdekning). Dette er postar som blir rekna som lønnsutgifter i den økonomiske hovudoversikta.)

fordede rekneskapsføring av reelle pensjonsutgifter over tid, for på denne måten å være mindre sårbar overfor konjunktursvingingar.

Vedvarande låg rente kombinert med relativt høge lønnsoppgjer og auka forventningar til levealder, har ført til at premieavviket over tid har vorte betydeleg høgare enn det som var føresett då ordninga vart etablert. Difor er det gjort også gjort innstrammingar i ordninga. For første år vart altså premieavviket redusert i 2015, i hovudsak grunna eit historisk lågt lønnsoppgjer (førte til låg reguleringspremie) og ei høg tilbakebetaling av overskott frå KLP.

Det akkumulerte premieavviket i KLP (betalte, men ikkje rekneskapsførte kostnader) er på omlag **20,2 mill. kr per 31.12.15**. Dette er forventa å auke gjennom 2016, og i følgje prognoser frå KLP vil akkumulert premieavvik ved utgangen av 2016 være på om lag 22,9 mill. kr.

Figur 3-6 Akkumulert premieavvik



4. Interkommunalt samarbeid

Kommunane i Valdres har eit omfattande samarbeid og kommunane har lagt delar av utviklingsarbeidet til Valdres Natur- og Kulturpark.

Årsmelding for interkommunale tenester knytt til vertskommunesamarbeid frå vertskommunane Nord- Aurdal og Sør-Aurdal kommunar ligg føre som vedlegg til denne årsmeldinga.

Årsmelding frå Krisesenteret på Ringerike er tilgjengeleg, men ikkje vedlagt.

Tabell 4-1 Interkommunale samarbeid – vertskommunetenester i Nord-Aurdal (Rekneskapstal og budsjett er henta inn frå motteken årsmelding. Tal i heile tusen)

Teneste	Regnskap	Budsjett	Avvik i kr	avvik %	ØSK sin andel	ØSK sin andel
1 Skatteoppkreveren	3 516	4 098	-582	-14,20 %	17,80 %	625,85
2 PPT	7 134	6 489	645	9,94 %	17,80 %	1 269,85
3 Barnevern eks tiltak	7 361	6 188	1 173	18,96 %	23,00 %	1 693,03
4 Jordmorteneste	2 981	3 005	-24	-0,80 %	17,00 %	506,77
5 Legevakt	14 261	11 890	2 371	19,94 %	17,00 %	2 424,37
6 Intermediær	7 801	7 592	209	2,75 %	17,80 %	1 388,58
7 Øyeblikkelig hjelp	1 211	-	1 211		17,80 %	215,56
8 VLMS lokaler drift	4 565	5 019	-454	-9,05 %	17,00 %	776,05
9 NAV eksl tiltak	12 087	11 821	266	2,25 %	17,00 %	2 054,79
10 Introduksenteret	409	768	-359	-46,74 %	17,00 %	69,53
11 Intro - Råd og veiledning	1 959	1 975	-16	-0,81 %	45,30 %	887,43
12 Brannforebyggande	1 734	1 625	109	6,71 %	17,00 %	294,78
Sum	65 019	60 470	4 549	7,52 %	18,77 %	12 207

Dei største avvika er knytt til barnevern, legevakt og øyeblikkelig hjelp. Kommentarar til regnskapet og avvik er omtala i vedlagt årsmelding frå interkommunale tenester.

5. Administrativ leiing

Sentral administrativ leiing består av rådmann, to kommunaleiarar og økonomisjef. Kommunaleiarane har overordna ansvar for områda «Opplæring og kultur» og «Helse og omsorg».

5.1. Oversikt over tilsyn i 2013 – 2015

Myndighet	Område	Status
2013		
1 Statsarkivet	Arkiv	Dei fleste avvik lukka i 2015, ny frist 2017
2 Mattilsynet	Kollstad vv.	ingen avvik
3 Mattilsynet	Sjukeheimen	lukka i 2014
4 Arbeidstilsynet	Øystre Slidre ungdomsskule	lukka
5 Fylkesmannen	Barnehage - alle	ingen avvik
6 Fylkesmannen	Læreplaner Rogne/ØSUS	ingen avvik
7 Fylkesmannen	Miljøtenesta	avvik lukka
8 Valdres brannførebyggande	Kommunale bygg	lukka
2014		
1 Arbeidstilsynet	Heimetenesta, sjukeheimen og miljøtenesta	Avvik lukka
2015		
1 Valdres Brannførebyggande	Miljøtenesta	Avvik lukka
Valdres Brannførebyggande – årleg tilsyn	Sjukeheimen	Avvik lukka
3 Fylkesmannen	Beito Reinseanlegg Beito barnehage Brennebakkin	Avvik delvis lukka Ingen avvik Ingen avvik
4 Valdres Brannførebyggande	Rogne barnehage Rogne skule ØSUS Helsehuset	Ingen avvik Ingen avvik Ingen avvik Avvik - Frist 2016
5 EL Tilsyn	Rogne skule Rogne barnehage Aktivitetshuset	Alle avvik lukka
6 Matrikkeltilsyn	Nærings- og byggesak	Avvik lukka

5.2. Beredskap

Det er gjort mange grep i 2015 for styrke kommunen sitt beredskapsarbeidet. Vi har hatt kvartalsvise møter i kommunen sitt beredskapsteam som består av kommunalsjef for helse og omsorg som er beredskapsansvarleg, beredskapskoordinator, teknisk sjef og stabssjef.

Beredskapsteamet har delteke på fylkesmannen sin beredskapssamling vår og haust. Deltok også på CIM-konferansen på Gardermoen hausten 2015. CIM er kommunens dokumentasjonsverktøy når det gjeld krise og beredskapsarbeid.

Det er kjøpt inn to satellittelefonar med tanke på å sikre kommunikasjonen om telenettet skulle bli borte. Vi har kjøpt inn beredskapskofferter for å samle beredskapsutstyr på ein plass. Det vart gjort ein omfattande jobb med å utarbeide ROS-analyser for heile kommunen i 2014 som ein har dratt nytte av i 2015. Vi har no god oversikt over dei fleste områda der det er grunn til å vurdere risiko og sårbarheit. Det vart i kommunestyresak 13/139 gjort vedtak om oppdatert ROS-analyse for perioden 2014-2017. ROS-analysen oppfyller krava i § 14 i Sivilberedskapslova av 25.6.2010.

Øystre Slidre kommune har eit øvingssamarbeid med Vestre Slidre og Vang kommunar. Øvingane skjer i samarbeid med Fylkesmannen og Sivilforsvaret, og blir arrangert årleg etter ei rullering

Tabell 5-1 Ansvar 113/155 Beredskap

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Rekneskap 2014
Løn og sosiale utgifter	285 389	50 000	
Kurs og møter	12 000		
Andre driftsutgifter	9 581		2 857
Kjøp av tenester	14 330		
Sum	321 300	50 000	2 857

6. Staben

6.1. Mål og måloppnåing

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for staben:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhold tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- Øystre Slidre kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida.
- Øystre Slidre skal drive aktiv informasjon.

Måloppnåing

Målet med omorganiseringa som vart gjennomført frå 01.01.13 var mellom anna å styrke kommunen sine administrative styringssystem (som post/arkiv og internkontroll), samt å styrke informasjons-arbeidet.

- Etableringa av stabsavdelinga utan tvil medført ei styrking av post/arkiv-funksjonen.
- Innføring av digitalt kvalitetssikringssystem har vore eit viktig bidrag til å styrke internkontrollen. Det vart i 2015 til saman registrert 145 avvik, flest i dei tenesteytande områda (helse og omsorg, skule og barnehage)
- Kommunen har fleire digitale skjema. Trenden går no i retning av skjema som i større grad kommuniserer med kommunen sine fagsystem. Døme på dette er søknad om barnehageplass, SFO, kulturskule og vannmålaravlesing
- Intern informasjon, særleg informasjon om reglement, rutinar og prosedyrar er vesentleg styrka gjennom det digitale kvalitetssikringssystemet.

6.2. Informasjon, sentralbord, postmottak

Omlegging av sentralt postmottak viser framleis framgang i at meir post blir registrert. Det var også i år stor forskjell frå føregående år. I 2015 vart det registrert til saman 7 513 journalpostar (brev inn/ut og andre saksdokument), mot 6 788 året før.

Rydding pågår fortsatt i fjernarkivet, etter pålegg frå Statsarkivet (tilsyn i 2013). Arkivplanen er førebels godkjent, men manglar oversikt over arkivdelane som er sett bort i fjernarkivet.

Det blir framleis jobba med overgang til fullelektronisk arkiv. Alle rutinehandbøker er ferdige, og det vil bli arrangert interne kurs for saksbehandlerne i fyrste halvår av 2016.

Det vart gjennom 2015 arbeida i eit felles interkommunalt prosjekt om innføring av digitalt egedomsarkiv. Målet er at dette arbeidet skal setjast i gang i 2016.

6.3. Rekneskapsavdeling

Rekneskapsavdelinga innførte inngåande og utgåande eFaktura i 2013. Dette, i tillegg til avtalegiro (innført for fleire år sidan) gjev eit betre tilbod til kundane. Kommunen kan no ta i mot fullelektroniske fakturaer frå alle leverandørar, og ein har registrert ei svært positiv utvikling på dette området. I 2015 er det motteke 6 615 fakturaer, av desse er 43 %

fullelektroniske. 13 % av mottekne fakturaer blir sendt rett til saksbehandlar ved bruk av «profil» på fakturaen.

Kommunen har elles gjennom heile året hatt fokus på innkrevjingsarbeid, noko som bidreg til at restansane går ned.

Tabell 6-1 Statistikk frå innfordringssystemet

	Egen innfordring	Landsgjennomsnitt Eik
Løsningsgrad	98,4	90,6
Restanseprosent	1,3	9,3
Tiltak pr sak	1,58	1,67

6.4. Løns- og personalavdeling

Rådmannen behandla i løpet av 2015 til saman 60 tilsetjingssaker, og inngjekk 156 nye arbeidsavtaler. Mange av desse avtalene gjeld vikariat (dels forlenging av vikariat) og endringar av eksisterande stillingsforhold. Det vart til saman rekruttert inn 18 nye personar i faste stillingar.

Vidare var det behandla 62 permisjonssøknader (lengre permisjonar).

Løns- og personalavdelinga deltek aktivt i sjukefråværarbeidet i kommunen.

6.5. Bevillingssaker m.m.

Kommunen behandla i 2015 41 søknader i skjenke- og serveringssaker (mot 28 året før), i tillegg til behandling av kontrollrapportar etter skjenkekontrollar og gjennomføring av kunnskapsprøver i alkohollova og etablerarprøver.

7. Planavdelinga

Dei store oppgåvene i planavdelinga i 2015 har vore:

Kommuneplan for Øystre Slidre – arealdel

Arealdelen til kommuneplanen vart med stort engasjement arbeidd fram til offentleg ettersyn 1. gong i 2015. Dei innkomne merknadene førte til delutgreiingar knytt til visualisering av byggetomter i LNFR-område, aktsemd- og faresoner. Sidan plassering av ny bygningsmasse for omsorgstenester var ein viktig del av arealdelen, vart det sett i gang arbeid med ein eigen sentrumsplan for Heggenes. Asplan VIAK vart engasjert til å lage planen for oss. Dette arbeidet og arealplanen skal slutførast i 2016.

Kommunedelplan for helse og omsorg

Planarbeidet starta opp i 2013 og vart halde fram i 2014 og 2015 med interne innspelprosessar og offentleg høyring. Planen vart vedtatt i 2015.

Tettstadsutvikling Beitostølen

Arbeidet med tettstadsutvikling vart vidareført også i 2015. Konsulentfirmaet IAD vart engasjert og gjennomførte ei inventering og dialogmøter ved årsskiftet 2014-2015. Konsulentane skal legge fram eit utkast til sentrumsplan Beitostølen tidleg i 2016.

Kommunale beredskapsplanar

Planavdelinga har også i 2015 hatt ansvar med å oppgradere dei kommunale beredskapsplanane og ROS-analysane. Planavdelinga er også leigd inn til å utarbeide tilsvarende planar for Vang kommune.

Tiltaksanalyse Vassområde Valdres

Planavdelinga har vore engasjert i vassområdearbeidet ved å ha gruppeleiari for arbeidsgruppa med ansvarsområde vatn, avlaup og forureining. Det lokale arbeidet vart implementert i den regionale forvaltningsplanen som vart vedtatt i Stortinget i 2015.

Kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning og avløp

Planlegging av lokal vassforvaltning skal vi i vår kommune vidareføre i ein eigen kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning og avløp. Dette planarbeidet vart starta opp i 2015.

Reguleringsplanar

Det er vedtak om ny reguleringsplan for Tengestølen – Hagastølen på Beitostølen og endring av reguleringsplanane for Grønolslie og Stakkstøle Nord. Statens vegvesen arbeider fram reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom Rogne skule og Kyrkjebergvegen.

Private reguleringsforslag er under arbeid for hytteområda Sørre Garli – Garlislette, Robølshøvda og Sørre Veslestølen, vegframføring til hytteområdet ved Grytebekkosen samt massetak i Lykkja og Reitebakkin.

Teknisk plan for vatn og avløp Lidar - Sælid

Arbeidet med å projektere VA-leidningar mellom Lidar skule og Sælid fortsette i 2015. Anbodsdokument for parsellen Lidar – Kjøk vart ferdigstilt og lagt ut til prising av interesserte entreprenørar.

Prosjektering av bygg

Planavdelinga har arbeidd fram hovudprosjekt for 4 bueiningar i Moavegen 1 og sendt søknad om tilskott til Husbanken. Garderobebygg ved Nedrefoss RA er prosjektert og klargjort for anbod og det er gjennomført eit forprosjekt for bygging av nye bueiningar ved Brennebakkin.

8. Opplæring og kultur

8.1. Grunnskulen

8.1.1. Mål

Skulane skal vere over snittet i landet på ulike målingar.

Skulane skal gje borna ein trygg oppvekst med like mulegheiter til utvikling. (Det vil m.a. seie at skulane i Øystre Slidre skal ha eit psykososialt miljø der ingen opplever mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.)

8.1.2. Måloppnåing

Resultat av nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk på 5., 8. og 9. årstrinn hausten 2015

Nasjonale prøver måler grunnleggande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk, men måler ikkje kunnskapsnivået slik som standpunkt- og eksamenskarakterar. Målsettinga er å ha betre resultat enn landsgjennomsnittet. Skalaen for resultata vart endra frå hausten 2014 og skal vere slik at ein kan samanlikne frå år til år. Det nasjonale snittet ligg på 50 skalapoeng på den nye skalaen og talet i parentes fortel om stor eller lita sikkerheit i målingane. Stort tal gjev stor usikkerheit p.g.a. få elevar.

Tabell 8-1 Nasjonale prøver 5. trinn

	2014 ØSK	2015		
		ØSK	Oppland	Nasjonalt
Engelsk	50 (3,8)	46 (3,2)	48 (0,4)	50 (0,1)
Lesing	51 (3,7)	48 (2,9)	49 (0,4)	50 (0,1)
Rekning	49 (3,3)	47 (2,7)	49 (0,4)	50 (0,1)

Tabellen over viser at gjennomsnittet av elevane på 5. trinn i ØSK scorar lågare enn landet innan dei tre grunnleggandeferdigheitene. Dette er eit svakt resultat samanlikna med fjaråret. Det kan vere fleire forklaringa på resultatet, men det har både på Rogne skule og Lidar skule vore arbeidd mykje for å skape eit godt læringsmiljø med ro orden.

Hausten 2015 starta barneskulane kompetanseheving i rekning i alle fag, og lærarane skal arbeide systematisk med rekning skuleåret 2015-16. Det er også sett av ressursar til ein lærar på kvar skule som skal ha eit ekstra ansvar for å drive dette utviklingsarbeidet. I samband med Kompetanseløftet vil fleire lærarar få kompetanseheving i engelsk.

Tabell 8-2 Nasjonale prøver 8. trinn

	2014 ØSK	2015		
		ØSK	Oppland	Nasjonalt
Engelsk	45 (3,3)	48 (2,6)	48 (0,4)	50 (0,1)
Lesing	49 (3,3)	52 (3,0)	49 (0,4)	50 (0,1)
Rekning	49 (2,6)	50 (2,7)	50 (0,4)	50 (0,1)

Tabellen over viser at snittet av elevane på 8. trinn i ØSK scorar under landet på alle dei tre nasjonale prøvene, men over eller likt med Oppland. Resultata viser likevel ei betring samanlikna med fjoråret i kommunen. Skulen er ikkje fornøgd med resultatet og analyserer no prøvene nøyne for å finne ut kva område elevane må arbeide ekstra med. Det er også ein dialog mellom barneskulane og ungdomsskulen for å sikre kvaliteten på den undervisninga som vert gjeve og kunnskapen om korleis det vert arbeidd på barnesteget og på ungdomssteget.

Tabell 8-3 Nasjonale prøver 9. trinn

	2014 ØSK	2015		
		ØSK	Oppland	Nasjonalt
Lesing	55 (3,0)	52 (3,3)	53 (0,4)	53 (0,1)
Rekning	56 (3,5)	52 (2,6)	53 (0,4)	54 (0,1)

Tabellen over viser at snittet av elevane på 9. trinn i ØSK scorar under landet i både lesing og rekning. Scoren er godt under 9. trinn i fjor. Er likevel fornøgd med at klassane har heva seg sidan dei gjekk på 8. trinn og hadde same prøven. Teamet på klassane arbeider systematisk for å skape eit godt læringsmiljø med høgt læringstrykk.

Resultat for 10. årssteg i eksamen i norsk og matematikk våren 2015

Alle elevane kom opp til skriftleg eksamen i engelsk. Karakterskalaen går frå ein til seks, der seks er beste karakter. Det er mange år sidan det har vore engelskeksamen på ungdomsskulen.

Tabell 8-4 Eksamenskarakterar

	2015		
	ØSK	Oppland	Nasjonalt
Engelsk	3,8	3,6	3,7

Tabellen over viser at elevane i ØSK scorar over Oppland og landet, det er vi godt fornøgde.

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbytte for elevane som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane vert brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skule. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og multiplisert med 10. Poengsummen kan ikkje samanliknast med tidlegare år då det er brot i tabellen.

Tabell 8-5 Grunnskulepoeng

	2015		
	ØSK	Oppland	Nasjonalt
Grunnskulepoeng	40,9	40,2	40,8

Grunnskulepoenga varier ein god del frå år til år. Grunnskulepoenga i ØSK i 2015 ligg over Oppland og landet. Skulen er oppteken av å sikre rett nivå på standpunktcharakter og arbeider systematisk med dette. Tilbakemeldingane frå Valdres vidaregåande skule har vore at det ser ut til at Øystre Slidre ungdomsskule gjev standpunktcharakterar som samstemmer med vurderingane dei gjer på Valdres vidaregåande skule.

Gjennomføring

Skuleåret 2014- 15 var det 98 % av elevane frå kommunen som fekk bestått i Vg1, talet for Oppland var 85 %. Det var 0 % frå kommunen som slutta, talet for Oppland var 3 %. Dette er fantastisk gode tilbakemeldingar.

8.1.3. Tiltak i 2015 for å oppnå mål

1. Systematisk oppfølging av resultata i det nasjonale kvalitetssystemet på skulane, på desse nivåa: elevar, lærarar, foreldre, rektor og kommunalsjef.
2. Det er lagt spesielt vekt på systematisk kartlegging og oppfølging av elevar i den grunnleggjande ferdigheita rekning.
3. Lærarane har lært å bruke verktøyet for pedagogisk analyse og har arbeidd spesielt med korleis ein skaper gode relasjonar til elevane og utvikle eit godt sosialt miljø i klassa.
4. Dei tre skulane hatt spesielt fokus på den grunnleggjande ferdigheita rekning. Det har vore kjøpt inn ekstern kompetanse for fagleg påfyll og rettleiing. I tillegg har kvar skule arbeidd med at alle lærarane lagar gode undervisningsopplegg i rekning i alle fag. Når opplegga er gjennomførte, vert dei lagt fram for kollegiet som saman evaluerer og reflekterer over kva som er gode undervisningsopplegg.
5. Ungdomstrinnet er med på den nasjonale satsinga "Ungdomstrinnet i utvikling", der satsingsområda har vore klasseleiing og rekning. I januar 2016 var det sett fokus på lesing – skal gå ut 2016.
6. Rektor på ungdomsskulen går på rektorskulen, ferdig i desember 2016. Ein lærar på ungdomsskulen tek vidareutdanning i engelsk, ferdig juni 2016
7. Skulane arbeider med å lage standardar for godt læringsmiljø og god undervisning, standardane skal vere ferdig til skulestart hausten 2016.

Spesialundervisning

Tabell 8-6 Spesialundervisning

	Øystre Slidre				Gr.2	Oppland	Landet
	2012	2013	2014	2015	2015	2015	2015
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	11 %	10,4 %	9,5 %	8,5 %	8,9 %	7,5 %	17,5 %
Andel timer til spesialundervisning av lærartimer totalt	25,2 %	19,4 %	18,8 %	17,9 %	17,6 %	16,1 %	17,5 %

Tabellen viser ei positiv utvikling når det gjeld delen av elevar som får spesialundervisning. Frå 2012 til 2015 har delen vorte redusert frå 11 % til 8,5 %. Nedgangen kan m.a. skuldast at skulane har vorte flinkare til å tilpasse den ordinære undervisninga- noko som har hatt eit stort fokus.

Del av timer som vert bruk til spesialundervisning har gått ned med 0,6 prosentpoeng. Dette skuldast m.a. at nokre elevar har fått vedtak om mindre timer og at fleire elevar har fått tilbod innan same ramma. Dersom det kjem inn ein elev eller går ut som treng mange timer spesialundervisning, vert det raskt ein auke eller reduksjon av andel timer bruk til spesialundervisning

Rådmannen meiner det er nødvendig å vurdere korleis ein brukar ressursane til beste for både sterke og svake elevar. Skulane har høg lærartettleik og har ein ekstra ressurs som skal brukast til tidleg innsats på 1.-4. trinn, målet er at flest muleg av elevane skal få tilbod innan den ordinære undervisninga.

Elevtal og prognoser

Tabell 8-7 Elevtal 2016-17

	1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	5.kl	6.kl	7.kl	8.kl	9.kl	10.kl
Barneskulane	30	42	28	31	34	37	40			
ØSUS								35	42	30

Tabell 8-8 Prognos - start 1. klasse

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Fødde	30	41	22	31	29	24

Prognosene viser at dersom det ikkje flyttar inn nye born i kommunen, vil det bli små klassar på barneskulane, då elevane skal fordelast på to skular; Lidar skule og Rogne skule.

Arbeidet i skulane

- Vi har eit stabilt kollegium med høg fagkompetanse. Utskifting på grunn av alder skjer i nokon grad på alle skular
- Vi har eit godt kvalitetssikringssystem for å sikre god grunnskuleopplæring og måle kvalitet
- Det vert arbeidd for at fleire elevar skal få tilpassa undervisning i staden for spesialundervisning. Ved bruk av eit kartleggings- og analyseskjema vert fokuset flytta frå eleven sine vanskar til læringsmiljøet. I tillegg skal PPT vere tettare på lærarane ute på skulane for å kunne gje dei systemretta rettleiing. Det vert no arbeidd med ein plan for å sikre betre samarbeid og overgang mellom barnehage og skule.
- Undervisninga har hatt fokus på læringsutbyttet med særleg vekt på grunnleggjande ferdigheter i lesing og rekning
- Det er danna nettverk for alle lærarar som underviser i engelsk, slik at dei skal lære av kvarandre og auke kompetansen
- Nasjonale prøver er eit godt verktøy for vurdering av elevane. Evalueringa som gjev grunnlag for vidareutvikling gjennom:
 1. Meir informasjon på tvers av skulane; barneskulane og ungdomsskulen
 2. Større fokus på læringsresultat
 3. Resultata er grunnlaget for å tilpasse undervisninga
 4. Målretta satsing på område der vi over tid har låge scor på nasjonale prøver gjev gode resultat

8.2. Barnehagar

8.2.1. Mål

- Ha eit miljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barne og unge
- Garantert barnehageplass etter fylt eitt år
- Ein god bustadkommune

8.2.2. Måloppnåing

- Alle som ynskjer barnehageplass, får plass etter fylte eitt år

- Vedtak om utvida opningstid i barnehagane frå 9,5 t per dag til 10,0 t per dag frå 15.08.15 vart i kommunestyremøtet januar 2016 vedteke redusert til 9,5 t per dag frå barnehageåret 2016-17

8.2.3. Tiltak i 2015 for å oppnå mål

- Har teke i bruk nytt kartleggings- og analyse skjema på læringsmiljø for å ha fokus på læringsmiljøet når det er uro for utviklinga til eit barn.
- Har auka lønsbudsjettet for å kunne utvide opningstida i barnehagane utan at bemanningstettheita vert redusert
- Barna lærer best når dei deltek aktivt og får bruke språket saman med andre. Det vert difor lagt til retta for at barna får bruke språket i samanhengar som er meiningsfulle

8.2.4. Tenester og oppgåver i tenesteområdet

- Kommunen har overkapasitet på barnehageplassar. Hovudopptaket er i februar, men det vert teke inn nye barn gjennom heile året. Alle som treng barnehageplass, får plass så snart det er sikra nok personale
- Kommune har slik bemanning: ein tilsett per gruppe på seks barn over tre år. Dersom barna er under tre år, er det ein voksen per gruppe på tre barn
- Dei tilsette i barnehagane har høg kompetanse og mykje erfaring
- Barnehagane i Øystre Slidre driv svært fleksibelt med tanke på både brukarar og tilsette

8.2.5. Arbeidet i barnehagane

- Det vert arbeidd bevisst for å styrke språkutviklinga til barna. Barnehagane har teke i bruk Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om arbeidet med språk i barnehagen. Arbeid med språk skal vere ein naturleg del av det daglege samveret med barna. Alle situasjonar i kvardagen og aktivitetar skal gje barna gode muleheder til å vere språkleg aktive
- Det er viktig med ekstra innsats der barn har ei forsinka språkutvikling. Til dette arbeidet har kvar barnehageein stillingsressurs på 20 %. I tillegg kan ein få hjelp av logoped tilsett i PPT, dersom det er behov for det. Logopeden gjev rettleiing til dei som arbeider i barnehagane
- Dei tilsette har hatt stor merksemd på omsorg. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personalet og barna, og om barna si omsorg for kvarandre. Å gje barn muleheit til å gje kvarandre og ta imot omsorg, er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse, og det er eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv
- Alle barn skal trivast i barnehagen, dette er dei vaksne sitt ansvar. Dei tilsette brukar både observasjon og samtale for å vere sikre på at barna trivest
- Aktive barn i naturen er framleis viktig. Barnehagane legg vekt på å vere mykje ute og ha ulike aktivitetar gjennom heile året. Nærmiljøet er ein viktig arena som barnehagane nyttar seg mykje av

8.2.6. Privat barnehage

Heggebø barnehage er godkjent for 36 plassar for barn i alderen 1-5 år. I 2015 var det kommunale tilskotet til Heggebø barnehage på 2 191 462 kr, fordelt på drifts- og kapitaltilskot.

8.3. Kultur

8.3.1. Viktige saker i 2015:

- Kulturprisen tildelt Lars Skattebu og frivilligpris til Tone Lill Hilmen
- Ungdomsklubben er godt besøkt
- Stølsveko, ei aktivitetsveke for born, populært og veldig bra tiltak
- Kulturskulen har høg kvalitet og stabilt elevtall
- Biblioteket er bra besøkt og har høgt utlån
- Frivilligsentralen har stor aktivitet
- Fjellstafetten er ein årleg suksess.

8.3.2. Mål og måloppnåing

Utdrag fra mål:

- Skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade sjølvstendige og skapande barn og unge
- Skal arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett
- Barna skal få mulegheit til utvikling
- Kommune skal ha eit variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjonar
- Skal stimulere til frivilligheit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon

Hovudmål kultur:

Stimulere til møteplassar innanfor kulturlivet. By innbyggjarane eit mangfold av kulturtilbod, kulturell og kunstnarisk impuls, innsikt og kompetanse.

Målloppnåing:

Dei ulike måla går over i kvarandre. Omtalen under viser at måla i stor grad er nådde.

Øystre Slidre kulturskule

Kulturskulen har dette året hatt 180 elevar fordelt på enkeltundervisning og grupper. Den store våravslutninga var grillfestival på Furstrand med stor utescene. I hausthalvåret har samspel vore i fokus, og det resulterte i ei juleavslutning som både var passe lang og som nær alle fekk vere med på.

I år har musikkbarnehagen eit særskilt godt opplegg med tre ulike pedagogar som tilfører både rock, klassisk retta og lokal dans og musikk. Songstundene på sjukeheimen to gonger i veka er populære og prega av humør og glede.

Det er stor aktivitet og mange konserter gjennom året. Ventelista er på om lag 10 elevar, hovedsakleg på gitar og slagverk.

Høg kvalitet og smittande engasjement i alle ledd pregar kulturskulekvarden, og det er godt samarbeid mellom kulturskule og barnehage/grunnskule, helse og frivillige lag og organisasjoner.

Øystre Slidre folkebibliotek

Øystre Slidre folkebibliotek består av hovudbiblioteket på ØSUS og skulebibliotekfilialar på Lidar skule og Rogne skule. Det totale utlånet gjekk opp frå 22 195 i 2014 til 23 043 i 2015. Størst er auken i utlånet av fag- og skjønnlitteratur til vaksne, og filmar til barn. Biblioteket arbeidde også med prosjektet «Spelerom» og eit demokratiprosjekt for ungdom, støtta av Nasjonalbiblioteket. Biblioteket er aktivt på heimesida til kommunen,

www.valdresbiblioteka.no og Facebook. Biblioteket hadde i år 9 arrangement for barn og vaksne, 114 temautstillingar, 302 klassebesøk og 4 brukarorienteringar.

Idrett, friluftsliv og kulturarrangement

Fjellstafetten vart arrangert for 13. gong, med 16 969 namn i bøkene. Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vart rullert, og spelemiddelordninga utløyste 1 søknad på ordinære anlegg og 1 søknad på nærmiljøanlegg. 17.mai vart eit vellukka arrangement med godt økonomisk overskot for FAU. Kommunen arrangerte ein konsert under Valdres sommersymfoni og ein kulturveld på Tingvang med utdeling av kulturpris og frivilligpris.

«Den kulturelle skulesekken» er viktig kulturformidling til grunnskuleelevane. I tillegg til produksjonane, vi får gjennom ordninga, kjøper vi lokale produksjonar. Valdresmusea tilbyr gode produksjonar på kulturarv og saman med vår eigen kulturplan, får elevane i grunnskulen eit variert og breitt tilbod.

«Den kulturelle spaserstokken» er viktig kulturformidling til eldre og har i år hatt 4 konsertar.

Øystre Slidre frivilligsentral

Øystre Slidre frivilligsentral har stor aktivitet innan frivillig sektor og saman med frivillige lag og organisasjonar utgjer dette eit allsidig tilbod for innbyggjarane i Øystre Slidre.

I 2015 har Frivilligsentralen hatt 72 enkeltfrivillige knytt til aktivitetar, samt 14 faste aktivitetar og fleire enkeltarrangement. Frivilligsentralen har to tilsette og ein samla stillingsressurs på 100 %.

Lokala til frivilligsentralen har liten kapasitet, og aktivitetar som fredagskafé og dansekveldar krev større plass enn det Moatunet kan tilby.

Tingvang

Festsalen har fått eit kjempelyft. Vegger og tak er måla og omnane er skifta ut. No er det berre sliping og lakking av golv som står att.

Kulturtilstskot

Det er gjeve kommunalt kulturtilstskot slik:

Tabell 8-9 Kulturtilstskot fordelt på føremål

Føremål	Beløp
Idrett	445 000
Friluftsliv	35 000
Akt barn og ungdom	121 000
Musikk og andre kulturtiltak	321 000

Kyrkja og andre trussamfunn:

Øystre Slidre Kyrkjelege fellesråd	3 006 000
Andre religiøse trussamfunn	46 431

Ungdomsarbeid

Ungdomsklubben er open kvar fredag i skuleåret, og er eit rusfritt tilbod til ungdom frå 8. klasse til 19 år. I 2015 har me i gjennomsnitt hatt om lag 60 besøkande kvar opningskveld.

Klubben får mykje ros for aktiviteten, er godt synlege i media og får mykje økonomisk stønad til aktivitet og utstyr frå lokale- og nasjonale partar og stønadsordningar.

Klubben har mekkeverkstad to timer i veka, der to-fem ungdommar er med på “mopedmekking”.

UKM Valdres kunne i 2015 syne til oppsving på talet deltagarar, i motsetning til ein nedgang på nasjonalt nivå.

Ungdomsrådet har hatt fem møte i 2015, i tillegg til å arrangere «Bigair» på Furustrand. Ungdomsrådet er sett saman av ungdom frå 13-19 år og har hatt fokus på oppfølging av prosessen med nytt ungdomshus. Ungdomsrådet fremja innspel om skatepark ved rullering av plan for idrett og fysisk aktivitet, samt innspel til budsjettet for 2016. Rådet gav i 2015 stønad til Øystre Slidre skateklubb og Bigair på Furustrand.

Elevråda ved Lidar skule og Rogne skule tok del i forhandlingsmøtet med formannskapet i november.

Oppsummering

Bibliotek, ungdomsklubb og frivilligsentral skapar varierte tilbod og gode møteplassar. Kulturskulen driv opplæring, bygger identitet og gjev meistring. Heile kulturavdelinga skapar lokal fellesskapskjensle og er limet som bygger opp og tek vare på lokalt kulturliv, tilrettelagt av kreative og entusiastiske kulturarbeidrarar.

9. Helse og omsorg

9.1. Viktige saker og hendingar i 2015

- Kjøkenet på sjukeheimen deltok i regjeringa si konkurranse "Det gyldne måltidsøyeblikk" som er ei nasjonal fotokonkurranse der ein blir invitert til å fotografere de hyggelige måltidsstundene. Øystre Slidre kommune kom på 2. plass i Oppland, og vi fekk mykje positiv omtale i samband med dette.
- Det var innført kvardagsrehabilitering som eitt nytt tilbod i tenestespekteret vårt. Dette går i korte trekk ut på at pasienten sjølv legg premissane for eigen opptrening og kan få bistand og rettleiing frå kommunen i eigen bustad.
- Vi søkte og fekk 50 000 kr i frie midlar til å etablere eit musikktilbod til demente på sjukeheimen. To gonger i veka kjem det songpedagog og gitarlærar frå kulturskulen for å skape deltaking hjå brukarane.
- Kommunalsjefen hadde delt stilling mellom Øystre og Vestre Slidre fram til 01.10.2015.
- Vi fekk på plass Mobil omsorg i heimetenestane våre. Dette betyr at personalet har tilgang på journalsystemet og kan få tilgang på nyttig og naudsynt informasjon når dei er heime hjå pasienten.
- Det oppstod brann i ein omsorgsbustad på Øvre Moen den 06.12.15. Diverre fekk dette ein tragisk utgang då bebuaren døydde av skadane han vart påført i brannen.
- Dagtilboden for demente, «Vindestogo», utvida tilboden med ein dag i 2015. Dette bidreg til at fleire får tilbod, og oftare enn tidlegare.
- Klagesaka på kommunen si utbygging av to kommunale bustader på Brennebakkin vart avslutta ved at Fylkesmannen ga kommunen medhald i at det kan byggast på tomta.
- Kommunen har busett 17 flyktningar gjennom året. Det vart bestemt å etablere ei mellombels stilling som integreringskonsulent med oppstart 15.01.16.
- Kommunen har omdiagonert «raudhuset» på Furustrand til bustad for einslege vaksne flyktningar. Lokala i Helsehuset som tidlegare var nytta av Fylkestannlegen er teke i bruk til same formål.
- Området Helse og omsorg har delteke i arbeidet med utgreiinga om kommunesamanslåing. I fyrste rekke har dette arbeidet gått på å delta i regionale prosessar på ulike nivå.

9.2. Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for området Helse og omsorg:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, gjennom effektiv ressursbruk tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- Øystre Slidre skal vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon

- Øystre Slidre kommune skal stimulere til frivillig innsats, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein og serviceorientert organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester. Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen. Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får muligkeit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

9.3. Miljøtenesta

Avdelinga består av:

- Bufellesskap for psykisk utviklingshemma.
- Burettleiing for målgruppa
- Barneavlastning

Tiltak for å nå mål i 2015

- Styrke budsjettet med midlar til avlastande tiltak for heimebuande brukarar.
- Innarbeide økonomisk inndekning for å bygge bustader i planperioden.
- Betre den faglege og etisk kompetansen gjennom interne kurs fastsett i eit årshjul for helse- og omsorgsavdelingane.
- Miljøtenesta skal gå over til bruk av multidose i 2015.
- Styrke fokus på branentryggleik.

Kommentarar til måloppnåing

- Det er avsett midlar til å få opp kapasiteten på avlasting i bustaden på Brennebakkin, og etterspørsel og tilbod til born og unge har auka i året.
- Dei to bustadene som er vedteke bygd på Brennebakkin er ikkje oppført i 2015, grunna klage på utbygginga frå naboor. Då dette fekk si avgjerd hjå fylkesmannen hadde Husbanken brukt opp midlane for 2015.
- Miljøtenesta har jamleg samarbeid og rettleiing frå habiliteringstenesta i fleire saker, dette bidrar til god fagleg utvikling i personalgruppa.
- Multidose er innført og fungerer bra. Dette frigjør fagpersonell til andre oppgåver, og risiko for feilmedisinering er redusert.
- Miljøtenesta hadde branntilsyn frå Valdres brannførebyggande avdeling i 2015. Alle avvik etter brannsynet er lukka.

9.4. IHT - Institusjon og heimebaserte tenester

Avdelinga består av :

- Øystre Slidre Sjukeheim

- Heimetenesta
- Praktisk bistand/heimehjelp

Tiltak for å nå mål i 2015:

- Aktiv samhandling og utvikling med VLMS ved oppstart
- Auke talet på bustader med heildøgns pleie og omsorg
- Endre bruken av tilgjengeleg fagkompetanse
- Satsing på utvikling av fagleg og etisk kompetanse
- Etablere kvardagsrehabilitering
- Auka bruk av velferdsteknologi
- Revidere kompetanseplan kommunen
- Fullelektronisk arkiv helse og omsorg
- Auka sikkerheit om pasientopplysningar
- Heve kvaliteten og tilbodet om aktivitet i institusjon
- Aktivt søke eksterne midlar for finansiering av prosjekt
- Legge til rette for fagleg utvikling

Kommentarar til måloppnåing:

- Ein grundig prosess gjennom året med arbeidstidsplanlegging/turnus i heile IHT har gjeve grunnlag for bemanning i Moavegen 25 utan auke i budsjettet. Oppstart vil vera i 2016. Bemannana omsorgsbustad er eit kjærkome tilbod i omsorgstrappa i Øystre Slidre kommune.
- Ved innføring av multidose både for bebuarar på institusjon og heimebuande har mykje sjukepleiarfagleg tid kunne nyttast direkte i pasientkontakt, i staden for på medisinrom.
- Miljøbehandling, riktig legemiddelbruk og kvardagsrehabilitering har vore dei nye faglege utviklingsprosjekta som har vorte gjennomført i 2015.
- Kvardagsrehabilitering har vorte set i gang som prosjekt. Fleire medarbeidarar tek vidareutdanning i fagfeltet og lagar undervisingsopplegg for dei andre tilsette. Brosyre er laga og enkelpersonar har prøvd tilbodet i praksis. Det er lagt plan for vidare arbeid og implementere inn i drift i 2016.
- Tryggleiksalarmane vart frå årsskifte 2014/15 lagt om til digitalt mottak. Heimetenesta er mottakssentral for tryggleiksalarmane. Alarmane kjem direkte inn på tenesta sine smarttelefonar. Brann og redningssentralen for Midt- Hedmark er reservesentral om heimetenesta grunna ulike årsakar ikkje kan svare på alarmen. Heimetenesta har også fått «Mobil omsorg» som i praksis betyr at tilsette har eit nettnett med journalsystemet og pasientopplysningane med seg til brukarane. Dei tilsette kan dokumentere hjå brukaren eller rett i etterkant. Dette sikrar at opplysningane blir meir korrekte og at ein har betre oversikt over pasientane sine utfordringar eller behov i deira heim.
- Den strategiske kompetanseplanen for helse og omsorg er under redigering. Fag, leiing og tillitsvaldsapparatet har vore med i arbeidet.

- Profil (pasientjournalsystemet) fungerer som det fullelektroniske arkivet i saksbehandling og pasientdokumentasjon i helse og omsorg. Tiltaket er med på å auke sikkerheita om pasientopplysingane.
- Planlegging og strukturtiltak med timeplanar har gjeve eit variert og stabilt aktivitetstilbod tilbod på sjukeheimen. Det er etablert eit godt system for å gjere kjent aktivitetane og planlegge dei i forhold til kvarandre.
- IHT søkte i 2015 "frie midlar" for auka musikktildot i demensomsorga. Søknaden vart innvilga og i samarbeid med kulturavdelinga i kommunen har det vore fast musikkaktivitet to dagar i veka.
- Eige videokonferanseutstyr har auka tilgjengelegeita for at tilsette har kunne delta på undervisning m.a. frå St. Olav i Trondheim og stråleeininga ved Sjukehuset Innlandet gjennom året. Dette er eit flott tilbod der tilsette får kompetanseheving frå spesialistar i arbeidstida.

Tabell 9-1 Rapportering av innleggingar i intermediær (IMA) og kommunalt akutte døgnplassar (KAD)

Etnedal		Sør-Aurdal		Nord-Aurdal		Øystre Slidre		Vestre Slidre		Vang		Andre		Totalt		
IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	IMA	KAD	
Juni	0	0	1	0	1	0	3	1	0	0	0	0	1	5	2	
Julii	0	1	0	1	2	0	4	2	2	1	2	0	2	2	12	7
Aug.	0	1	0	1	0	0	3	3	0	1	1	0	2	4	6	10
Sept.	4	0	1	1	10	3	6	2	3	2	0	0	0	1	24	9
Okt.	1	0	1	1	5	7	4	2	3	3	0	0	0	1	14	14
Nov.	5	5	1	0	2	2	5	4	2	3	0	0	0	3	15	17
Des.	5	1	4	2	4	6	5	2	1	1	1	0	0	3	20	15
Sum	15	8	8	6	24	18	30	16	11	11	4	0	4	15	96	74

Sjukeheimen har 43/38 plassar (starta reduksjonen av 5 rom i kjellaren).

Utskrivingar i 2015:

- Eigen heim: 64
- Dødsfall: 18
- Frå korttid til langtidsopphald: 3

9.5. Helseavdelinga

Avdelinga består av:

- Administrativ leiing
- Legetenesta
- Helsestasjon
- Fysioterapi
- Frisklivssentralen/folkehelsekoordinator
- Arbeid og Aktivitet
- Psykisk helseteneste
- SMISO (kjøper av Gjøvik kommune)
- Krisesenter (kjøper av Ringerike kommune)

Mål og Tiltak 2015

- Ferdigstille sansehagen tilknytt Vindestogo
- Auke bemanning i Vindestogo til 150 % stilling.
- Auke budsjettet på kommunelege for å refundere legane for turnuslegen sitt forbruk av medisinsk forbruksmateriell.
- Auke stillingsramma i Psykisk helseteneste med 40 % stilling
- Auke opningstida på Vindestogo til 4 dagar i veka.
- Auke stillingsramma på Frisklivssentralen med 20 % stilling
- Betre tilhøva i lokalar og utstyr for fysioterapeutane ved å ta i bruk resterande midlar frå ombygging av treningsrommet.
- Helsestasjon hadde behov for innkjøp nytt kjøleskap for vaksiner.

Kommentar til måloppnåing:

- Har brukt av statstilskotet for å ferdigstille sansehagen, innkjøpt hagemøblar, paviljong og leveggar. Beplanting og tilslåing er gjort. Nytt møblement innandørs og ny belysning er kjøpt. Kjøkenutstyr og kvitevarer er bytta delvis ut. Sansehagen vart opna på seinsommaren med ordførar som snorklyppar. Musikk og dans vart det også.
- I budsjettarbeidet for 2015 fann ein ikkje rom for å auke i personalressursane på Vindestogo, men ein har klart å auke tilbodet med ein dag i veka. Skogprodukt og Vindestogo hadde i lengre tid klaga på dårlig isolering på loftet over produksjonslokala, noko som resulterte i låg temperatur inne, ising og lange istappar på begge side av bygget. Tidleg på vinteren var det gjort etterisolering, og problemet var løyst.
- Legane får kompensasjon for forbruksmateriell til turnuslegen.
- Ikkje rom for å auke med 40 % i Psykisk helseteneste i 2015.
- Har fått auka tilbodet på Vindestogo med 1 dag, og det er no ope 4 dagar i veka.
- Midlane som stod att etter bygging av treningsrommet i underetasjen på legesenteret vart ikkje vidareført i budsjettet for 2015. Innkjøp av utstyr og ombygging av lokala for fysioterapeutane vart difor ikkje gjennomført.
- Fysioteriinstituttet får nytte det nye treningsrommet 3 dagar i veka, noko som gjev eit løft når det gjeld fysisk plass, og ikkje minst tilgang på utstyr.
- Kjøleskåp til vaksiner på Helsestasjonen er ikkje innkjøpt.

9.6. Flyktingenesta

Øystre Slidre kommune busette 17 einslege vaksne flyktningar i 2015. Dette betyr at kommunen har om lag 30 flyktningar busett i kommunen ved utgangen av året. Dei fleste av desse er einslege vaksne, og er busett frå Rogne i sør, til Beitostølen i nord.

Det er brukt mykje tid på busetting og integreringsarbeidet i 2015. Det er særskilt utfordrande å skaffe nok bustader for flyktningar då desse må ha ein beliggenheit i nærleik av offentlege kommunikasjonsmiddel og butikk. «Raudhuset» på Furustrand som vi til no har brukt som bustad til vikarleger, vart sett i stand og brukt til flyktningbustad, og vi har bygd om lokalet som tidlegare vart leid ut til Fylkestannlegen i «helsehuset» til 3 bustader.

Det har vore ein stor jobb for flyktingenesta å etablere bustader med alt som skal til av utstyr, og ikkje minst når det gjeld oppfølging av personlege behov som tannlege, optikar, og anna.

9.7. Utfordringar i området for helse og omsorg

Kommunen har om lag 30 flyktningar busette i kommunen. Det er knytt ei uvisse til om den private bustadmarknaden har kapasitet (og vilje) til å forsyne oss med utleiebustader i takt med behovet i åra som kjem.

Det er viktig at bygging av nytt helsetun blir realisert etter tidsplana som ligg føre, og står klart innan 2020. Dette spesielt med tanke på at vi har skjøve på naudsynte investeringar spesielt i sjukeheimsbygget då dette skal ut av drift innan få år. Dette gjeld særleg ventilasjonsanlegget, som er frå 1980-talet.

Den eldste delen av bygget i omsorgsbustadane på Øvre Moen er frå 1960-talet og delar av det oppfyller ikkje krava til universell utforming og funksjonalitet. Det er særleg utfordrande at denne type bygg ikkje når opp til dagens krav til branngryggleik.

10. Tekniske tenester

Område tekniske tenester omfattar:

- Eigedomsforvaltning
- Vedlikehald av kommunale bygg
- Kommunale vegar
- Tenester innan vatn og avlaup
- Brann og feievesen

Totalt sett er teknisk avdeling godt tilgjengeleg. Dette gjeld både på telefon og etterkvart er det fleire meir faste brukarar av e-post. Vaktordninga innanfor VA-tenesta gir 100 % tilgjenge for publikum. Teknisk avdeling har dei siste åra hatt noko underbemanning på grunn av sjukdom.

10.1. Viktige saker og hendingar i 2015

1. Rogne barnehage er ferdig bygd, og teken i bruk som barnehage.
2. Kjøpt av tilleggsareal ved Rogne barnehage
3. Kjøpt og montert solskjerming på deler av Rogne skule
4. Ombygging av «gamle helsehuset», der det før var tannlegekontor, til bustad for flyktningar
5. Utarbeiding av reinhaldsplana, rutinar og prosedyrar på reinhald i ny FDV-programvare
6. Utarbeiding og revidering av brannteikningar for bygga i Øystre Slidre kommune i FDV-programvaren
7. ENØK-tiltak ved Øystre Slidre ungdomsskule
8. Nytt heildekande brannvarslingsanlegg ved Øystre Slidre ungdomsskule
9. Ferdigstilling av lagerbygg ved Aktivitetshuset
10. Måling av veggjar og tak i Tingvang samfunnshus innvendig
11. Kommunalt tilsette har fått ID-kort med biletar
12. Ferdigstilling av parkeringsplass, bussavstiging, samt gang og sykkelveg frå Rogne skule til fylkesveg 51
13. Skifte av rekkrverk på "Dalsvegen"
14. Nytt anbod og inngåing av kontraktar på brøyting og strøing av kommunale vegar
15. Rydding område rundt Nedrefoss reinseanlegg og bygging av sandlager
16. Internkontroll Avløp
17. Forbetra leidningskartverk der internkontroll enklare blir dokumentert

10.2. Mål og måloppnåing

Teknisk drift har som mål å få til enda betre kvalitet på tenestene som avdelinga utfører. Dette vil krevje god samhandling i avdelinga samt god tilgjenge for brukarar. Det viktigaste for teknisk avdeling i kommunen er at ein skal søke å levere gode og sikre tenester på alle område.

Det blei tilsett ny teknisk leiar i juni 2014, og avdelingsleiar for VVA i august 2014. Det har sidan vorte arbeidd med å implementere dei overordna måla for Øystre Slidre kommune. Dette var ei viktig sak for avdelinga i økonomiplanen for 2015-2018. Av dei fem overordna måla som gjeld for kommunen, er det mange som passar inn i avdelinga Teknisk drift. Måla er no

implementert i avdelinga, og blir tekne i bruk ved planlegging og ved utøving av tenestene som teknisk drift har ansvar for.

MÅL i 2015

- Vidareføring av ressursane på dagens nivå
- Få tilsett i vakante stillingar
- Kompetanseutvikling
- Innkjøp av programvare for planlegging av reinhaldet
- Vidareutvikla rutinar ved alle tekniske tenestar
- ENØK-tiltak ved Øystre Slidre ungdomsskule og Rogne skule
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- Styrkje tryggleik for tilstrekkelig vatn til Beitostølen
- Optimalisere leidningsnett – redusera lekkasjar
- Gjennomføring av investeringsprosjekt

10.3. Kommunale eigedomar

Består av:

- Kommunale tomteområde
- Kommunale bygg
- Vaktmeisterteneste
- Reinhaldsteneste
- Kommunale vegar

Kommunale tomteområde

Øystre Slidre kommune har byggefelta Solhauglie, Beitothagin, Klyppemyrhaugen og Løkjisskogen. I tillegg har ein fått tre tomter ved gammeskulen i Volbu. I 2015 vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle sjå på marknadsføring av kommunale tomter. Det vart laga nye flotte prospekt for kvart bustadfelt, Det vart utarbeidd annonse i avis Valdres, og det vart lagt ut annonse i nettavis i Valdres med lenke til heimesida til kommunen. Pressemelding vart sendt til media, og det vart avhalden pressekonferanse av ordføraren.

Heimesida er oppdatert med lenke til prospekt og reguleringsføresegner.

Det er gjennomført visning i Volbu og Solhauglie. Arbeidsgruppa har avslutta sitt arbeid. Per 31.12.2015 er det gjennomført eitt sal i Beitothagin (skøyte i 2016) Ei tomt er sold i Volbu (2015). Det har vært mange førespurnader, men det har ikkje resultert i fleire sal enda. Men desse sakene blir prioritert framover.

Kommunale bygg og vaktmeistertenester

Rogne barnehage: Barnehagen var klar for innflytting til fellesferien, som var ein månad før tida i prosjektplanen. Ved innflytting vart det «dugnad», og vaktmeistarane vart engasjerte for saman med dei tilsette i barnehagen å flytte og skru saman nye møblar. Vaktmeistarane har òg hatt arbeidet med å få på plass uteleikeapparata og sikkerheitsmattene rundt leikeapparata i barnehagen. Dette var ei stor oppgåve som kravde ein gode del ressursbruk i ferietida.

Aktivitetshuset: Her blei det rydda på utsida ned mot elva, og gjort klart for bygging av eit lager. Rydding og klargjøring gjorde vaktmeistarane i 2014. I 2015 har vaktmeistarane sjølv gjort grunnarbeid med støyping av ei betongplate, dei har bygd to vegger og lagt tak. Det er no klart og er i bruk som lager for kommunalt utstyr og materialar.

Innvendig ved Aktivitetshuset har vaktmeistarane stått for isolering av taket på loftet. Dette blei gjort for å få bukt med ising på taket utvendig. I tillegg blei dette prioritert for å få opp varmen inne i bygget. Det var eit stort varmetap der. I ettertid har dei tilsette og brukarane sjølv lagt golv på "loftet" slik at dei har fått eit lager der.

Gamle helsehuset/tannlegearealet og legebustaden på Furustrand er gjort om til bustad for asylsökjarar. All ombygginga i helsehuset har vaktmeistarane i kommunen gjort. Det var ein del utfordringar der i forbindelse med ombygginga. Blant anna for å kunna tilfredstilla krava i forhold til brannklassifisering av bygg. Det er blitt to leilegheiter der, og dei er teken i bruk. På Furustrand (legebustaden) er det gjort litt små arbeid. Blant anna blei det i det eine soverommet teke opp heile golvet og lagt nye "golvåsar". Dette brukte ein eksterne til pga. av mangel på tid før innflytting. Vaktmeistarane la nytt golvbelegg og pussa opp veggene. I dei andre soveromma blei det gjort ein del små endringar.

Øystre Slidre ungdomsskule: I sumar vart det skifta vindauge i heile C-fløya på ungdomsskulen. Det er der satt inn 3-lags vindauge. Dette vil nok elevane merka, og dette er veldig viktig med tanke på god ENØK. Vaktmeistarane tok på seg denne oppgåva. Kommunen fekk dermed satt inn fleire vindauge i forhold til den summen som var satt av til dette.

Rogne skule: Her er det kjøpt og montert solskjerming på fleire rom; formingssal, naturfagrom, samt 2 vindauge i klasserom sørover. Det er også montert solskjerming i resepsjonen og på rektors kontor, totalt 16 persienner utvendig og 8 innvendige persienner. Det blei også i samband med asfaltering av den nye parkeringsplassen lagt ny asfalt på gangvegen opp til skulen.

Tingvang samfunnshus har blitt pussa opp, og det er gjennomført ENØK-tiltak der. Veggger og tak er måla. I tillegg blei skuffesesjonane i forkant på scena bytta ut. Det er blitt ein heilt "ny" sal som er veldig lys og fin. Dei gamle elektriske panelomnane er fjerna, og det er også montert nye radiatorar. Dette som eit ledd i ENØK-tiltak.

Sjukeheimen: Her blir det kontinuerlig pussa og flikka. Dette gjer vaktmeistarane. I 2015 har dei også laga nytt vaktrom samt pussa opp det gamle vaktrommet. Dette er no brukt som samtalerom. Det er også laga eit eige lagerrom på sjukeheimen.

Reinhaldstenesta

Det er i økonomiplan sett av midlar til oppgradering av utstyr og maskiner til reinhaldarane. I løpet av året har alle reinhaldarane fått meir moderne utstyr, og blitt lært opp i å bruka mindre kjemikaliar. Vi har redusert talet på forskjellige kjemikaliar i bruk på kvar arbeidsplass. Dette som eit ledd i å ha fokus på godt HMS-arbeid. Det er også kjøpt inn meir verneutstyr.

I 2015 er det kjøpt inn kombimaskiner (golvvaskemaskiner) til dei aller fleste bygga i kommunen. Dette vil gjera arbeidsdagen til reinhaldarane lettare. Det er også kjøpt inn teppe- og møbelreinsemaskin som kan brukast for å reinse tekstile møblar og matter. Reinhardarane har også fått nytt og betre arbeidstøy. Dei har våre med og valt ut sjølv kva dei ville ha. Men fargen er lik. I tillegg har ein valt å ha kommunelogoen på tøyet.

Det er lagt ned eit betydeleg arbeid i utarbeidninga av reinhaldsplaner for bygga i Øystre Slidre kommune. Det var ute anbod på programvare til bruk for å laga reinhaldsplanar. Det blei vald ein leverandør som har eit FDV-system. Programvaren er eit teikningsbasert kalkyle og planleggingssystem som blir brukt både i offentlig og privat sektor. Å ha eit godt planleggingsverktøy er viktig med tanke på å ha kontroll på kostnadene på ein effektiv og trygg måte. Byggetekningar for kommunen sine bygg er lagt inn i programvaren, og det er valt metodar, frekvens m.m. for å få utarbeidd planar.

I oktober blei det arrangert ein felles fagdag for alle kommunale reinhaldarar i Valdres. Det var over 100 reinhaldarar som deltok på seminar og minimesse på Tingvang. Dagen var lagt opp

med forskjellige faglige seminar som hygiene, golvbehandling, motivasjon, samt felles lunsj og minimesse.

Kommunale vegar

Hausten 2015 blei det lyst ut anbod på vintervedlikehald på dei kommunale vegane. Anbodet var delt opp i parsellar og vi fekk inn tilbod frå ein til fleire på dei forskjellig parsellane. Det er no inngått kontraktar som gjeld frå 2015-2019. Vi har også hatt rutinemessig tilsyn på dei kommunale bruene i år. Det er laga rapporter som ligg til grunn for budsjettarbeid dei nærmaste åra. Ein ser der at det er behov for større vedlikehald på dei forskjellige bruene kvart år framover. Det vart elles gjort nødvendig vedlikehald som lapping, grusing, osv. som før på dei kommunale vegane. Vi har i 2015 starta kartlegging av vedlikehaldsbehova på vegane, som for eksempel innmåling og registrering av alle stikkrenner. Dette er gjort for å kunne lage ein godt vedlikehaldsplan for å ha betre kontroll med kva som må gjerast samt å kvalitetssikring på vegane framover.

10.4. Vatn og avløp

Mål

- Sikre abonnentane og godt vatn
- Hindre forureining
- Vidareutvikle og forbetre rutinar
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- Kontrollere, dokumentere og dermed redusera lekkasjar på vassleidningar, og framandvatn inn på avlaup.
- Utføre dette på økonomisk best mulig måte

Tiltak

I forbindelse med prøvetaking må ein ha god hygiene. Vi etterspør å ha konstant fokus på gode rutinar og ev. forbetringspunkt, samt sikre god overvaking av prosessar osb.

Årsrapportar frå DIO, prøveresultat og tilsynsrapport frå Mattilsynet viser at vi har god kontroll på anlegga våre.

Det er i 2015 kome ny samleleidningar frå Solhaug og til Rogne AP. Vi har rehabiliter og dimensjonert opp leidningar frå Møsasvø mot Menkelie, ein strekning på ca. 160 m. Dette i forbindelse med utbygging i området, og for å sikre brannvasskapasiteten i området. Det har kome tilknytingar på desse, samt på andre eksisterande leidningar.

Det er i 2015 sett i gang arbeid med å etablere eit betre internkontrollsistem for avløp. Dette er eit pålegg frå Fylkesmannen.

Leidningskartverket Gemini er oppgradert slik at det er lettare å få oversikt over og registrere vedlikehalds behovet. Dette også i forhold til internkontroll.

Varslingssystemet for innbyggjarvarsling (SMS-varsling) er i stadig utvikling. Det har i år blitt forbetra ved at systemet hentar opplysningar frå Altinn i tillegg til matrikkelen. Dette gjer at systemet er meir treffsikkert og enda betre rusta ved kritiske situasjonar.

Tabell 10-1 Resultat og balanse vatn, avløp og renovasjon

	Inntekter	Kostnader	Resultat 2015			Balanse 2015 Deknings- gradsfond per 31.12. ²⁾
			Over(+)/ underskot (-)	Årets deknings- grad i % ¹⁾	Avsetjing til dekningsgrads- fond	
Vatn	6 661 325	4 703 132	1 958 193	141,64 %	1 958 193	2 841 863
Avløp	11 225 438	8 722 105	2 503 333	128,70 %	2 503 333	3 388 567
Renovasjon	7 195 000	7 195 000	0	100,00 %	0	0

Vassforsyning

Tenesta omfattar drift og vedlikehald av Ole Vassverk som forsyner Beito, Beitostølen og Skammestein, samt Kollstad Vassverk som forsyner frå sør t.o.m. Rogne skule.

Ole vassverk

Ole vassverk leverer vatn med stabilt god kvalitet.

Årsproduksjon 413 026 m³ Dette er noko høgare en i 2014. Målingane viser at vi har hatt fleire lekkasjar på førjulswinteren, noko som gjev utslag på dette forbruket.

Ole VV fungerer godt, og har i 2015 ikkje hatt driftsstans på det kommunale hovudnettet som har gjort nettet trykklaust. Det er det private nettet som står for lekkasjen. Slike lekkasjar blir påvist og reparert. Arbeidet med lekkajesøk vil fortsatt ha høg prioritet på bar mark.

Kollstad vassverk.

Kollstad vassverk leverer vatn med stabilt god kvalitet og har i 2015 ikkje hatt driftsstans på det kommunale hovudnettet som har gjort nettet trykklaust.

Kolstad VV har produsert 85 812 m³. Lekkajesøk blir prioritert, og er og blir ei kontinuerlig oppgåve.

Vi har heller ikkje i 2015 hatt brot på hovud inntaksleidningen, noko vi er svært glade for. Vidare plan på kor forsyninga til Kolstad VV vil bli, er spennande for å kunne ha ei sikker vassforsyning i sør.

Leidningsnett

Leidningsstrekket til sjølve inntaket i Ygna er fortsatt den største utfordringa med Kollstad vassverk i dag.

Avlaup

Tenesta omfattar drift og vedlikehald av tre reinseanlegg med tilhøyrande pumpestasjonar og leidningsnett.

Beito reinseanlegg

Ved normale driftsforhold fungerer anlegget bra, med 12 prøver som tilfredsstiller krava for akkreditert prøveuttak.

Det er litt for liten kapasitet i høgsesongar, spesielt påske. Konsentrasjonen av organisk stoff er for høg i desse tilfella. Den organiske belastninga i påsken 2015 var på 11 882 personekvivalentar (pe). Dette er ein kraftig auke, samanlikna med i 2014, da vi hadde ein organisk belastning på 7 424.

Vi ser at dette vil by på utfordring framover, når anleggets hydrauliske kapasitet er på 1 250 m³ per døgn, og organisk kapasitet er på 6800 pe.

Drifta av Beito RA går godt. Utfordingane ligg fortsatt på toppbelastninga, ved høgtider som jul, nyttår og påske. Anlegget sin kapasitet i høgsesongen må vurderast, og ein må ha fokus på abonnentane sine feittskiljarar.

Innlekkasje av framand vatn i vårløysinga, og i periodar med mye regn, har blitt redusert på grunn av feilsøking og reparasjon/utskifting av dårlige stigerørskummar, men har fortsatt høg prioritet. Vi har nå montert utstyr der vi kan overvake korleis avløpsnettet blir påverka av nedbør. Dette eit ledd i krava etter tilsynet frå Fylkesmannen i 2015.

Nedrefoss reinseanlegg

Anlegget fungerer som tidlegare godt, med eit unntak. Det er evna til å fjerne organisk stoff. Her viser ein vesentleg del av prøvene resultat som er dårlegare enn kravet.

Nedrefoss RA har også etter kvart fått ei stabil drift. Vi slit framleis med til dels for høge BOF5-verediar. Spørsmålet er om vi snart må bygge eit biologisk reinsetrinn. Dette har vore vurdert før. Dette vil være avhengig av korleis den nye hovudplanen for området ser ut, samt kor mye som vil komme frå Beitostølen og leidningen nedover til Heggenes. I 2015 har vi endra på driftsrutinane, noko som har gjeve eit positivt utslag på BOF5-verdiane, men vi ligg høgt i forhold til krava. Målet er stadig å optimalisere reinseprosessen ut frå dei forholda vi har.

Ygna reinseanlegg

Ygna RA behandler ganske små mengder, og prosessen her fungerer godt. Den totale belastninga på anlegget har igjen auka, noko som har våre ein trend dei siste åra. Dette er positivt for drifta, og vi registrer ein nedgang i utslipp både av totalfosfor og organisk stoff, noko vi også såg i 2014. Drifta har ei positiv utvikling. Reinsedistriktet har fått tilknytt ny leidningstrasse frå Rogne AP og fram til Solhaug samfunnshus.

Vassverk/leidningsnett

Vedlikehaldsarbeidet med tanke på lekkasjar på vassnettet vil fortsatt ha høg prioritet for å sikre godt reint vatn ut til abonnentane og god sikker drift. For å hjelpe oss med å kunne dokumentere dette og dermed lettare ha oversikt, har vi teke i bruk nye modular i fagsystemet for vatn og avløp. Driftsoperatørane registrerer der «direkte få grøfta»-tilstanden på det aktuelle punktet. Registreringane blir liggende inne som historikk, og vi kan gjere prioriteringar i driftsbudsjettet ut frå dette.

Avløpsnett/leidningsnett

Kontroll og vedlikehald av avløpsnettet vil framover få høgare prioritet en før. Vi har i 2015 satt i gang arbeidet med å bygge opp eit internkontrollsysten for avløp som i større grad enn før dokumenterer vedlikehaldet vårt. Dette kjem som ein konsekvens av pålegg frå Fylkesmannen sitt tilsyn våren 2015. Vi har også installert målestasjonar som dokumenterer korleis nedbøren påverkar på avløpsnettet.

10.5. Brann og feiing

Materiell

Ny brannbil er bestilt og under produksjon den blir levert våren 2016. I tillegg er det kjøpt inn ein del røykdykkerutstyr, ny kompressor for fylling av røykdykkerflasker og 2 redningsdrakter.

Øvingar

Det er halde 12 ordinære brannøvingar i 2015 (øvingsemne går fram av øvingsplan). I tillegg er det gjennomført lagøvingar i samband med helge-/vekevakter (blir gjennomført i samband med vaktskifte). Vidare er det gjennomført egne øvingar for tauredningsgruppa (TRG).

Kurs/opplæring

Det er gjennomført grunnkurs for deltidspersonell, samt beredskapskurs trinn 1 (utrykkingsleiarkurs) i samarbeid med Hallingdal brann og redning IKS. I tillegg har nokre gjennomført kurs i skogbrannslokking og ein tilsett har deltatt på ein-dags seminar i gasshandtering. Det er og nokon som har våre med på og gjennomført kurs i «Akutt psykologisk førstehjelp for innsatspersonell». I tillegg har mange gjennomført oppfriskingskurs i utrykkingskøyring.

Vaktberedskap

I Valdres blir det i løpet av året avvikla fleire store arrangement. «Norsk Rakfiskfestival» og «Trollrock» er døme på slike arrangement. Desse arrangementa genererer store folkemasser og mykje trafikk på våre gjennomgangsveger mv. Vidare har kommunen mange «ekstrainnbyggjarar» (hytter mv) i store deler av året.

Dette utgjer en unormal risiko, dvs. eit avvik frå vår daglege situasjon. I slike tilfelle er det krav om at det skal iverksettast auka beredskap, noko som i praksis vil si at våre brannmannskap blir pålagt vaktberedskap. Slike ekstravakter har etter kvart medført store kostnader for brannvesenet.

Brannlovgivinga stiller krav om at det skal opprettast vakt til dei tider der det ikkje kan forventast tilstrekkeleg oppmøte ved alarmering mv., som f.eks. i samband med ferieavvikling. Same krav gjeld i situasjonar der brannrisikoen er vesentlig større enn normalt. På bakgrunn av dette vart det i 2015 oppretta vaktberedskap når det er mykje «folk» på Beitostølen; som juleferie, vinterferie, påskeferie, nokre dagar i mai, sommarferie og haustferie. I tillegg ved «rakfisken» og Trollrock.

Feiarvesenet

Feiring er utført, men data er ikkje registrert i KomTek. Denne oppgåva skal prioriterast framover.

10.6. Utbyggingar i 2015

Rogne barnehage – bygging

Rogne barnehage vart ferdig bygd, og blei teken i bruk som barnehage ved oppstart av det nye barnehageåret i august 2015. Dette var ein stor dag for kommunen med opningsfest av barnehagen, og opning av den nye flotte parkeringsplassen/bussavstiginga ved Rogne skule. Det er blitt ein flott barnehage som kommunen kan vera stolt over.

Hausten 2014 sa kommunen opp kontrakten med arkitektane. Dette har ikkje hatt noko å seia for framdrifta i byggeperioden, då det har våre eit godt samarbeid mellom byggherre og representantar frå kommunen for å få bygget ferdig. Barnehagen vart klar for innflytting til fellesferien, som var ein månad før tida i prosjektplanen. Ved innflytting vart det «dugnad». Vaktmeistarane i kommunen har lagt ned eit betydelig arbeid saman med dei tilsette i barnehagen for å flytta møbler frå den gamle barnehagen til den nye. I tillegg blei det mykje samansetting av møblar. Dette var nødvendig då det ikkje var satt av midlar til dette arbeidet i prosjektet.

Planlegginga av utearealet blei teke ut av prosjektet når ein sa opp kontrakten med arkitektfirmaet hausten 2014. Dette blei planlagt på nytt. Dei tilsette i barnehagen fekk koma med ynskjer etter kva som var praktisk mulig å gjennomføra. Dei som hadde avtalen med opparbeiding av uteområdet var veldig fleksible, og kom med gode innspel for å få uteområdet optimalt for borna. Vaktmeistarane fekk arbeidet med å få på plass uteleikeapparata og sikkerheitsmattene rundt leike apparata. Dette var ei stor oppgåve som kravde ein gode del

ressursbruk i ferietida. Det er og kjøpt eit tilleggs areal for å få eit optimalt ute anlegg for borna i barnehagen.

Rogne skule p-plass

Denne blei opna saman med Rogne barnehage i august 2015. Det blei grave og planert samt lagt ut forsterkningslag slik at plassen kunne «setta seg» (hausten 2014-vinteren 2015). Plassen blei oppretta og asfaltert våren/sumaren 2015. Det er òg montert og satt opp gatebelysning der.

ØSUS – brannvarsling

Dette prosjektet er utført. ØSUS har fått nytt heildekande brannvarslingsanlegg. Dette blei utført sumaren 2015, og fungerer veldig bra, sjølv om det har vore nokre små innkøyningsutfordringar. Mellom anna har det blitt utløyst alarm i garderoben og vindfanget ved symjehallen på kveldstid. Dette fordi det har kome varm damp frå badstua og symjehallen som har ført til at alarmen blir utløyst. Dette er no i orden.

ØSUS – Innreiing av kantine

Hausten 2015 fekk kommunen tilsyn frå mattilsynet på heimkunnskapsrommet ved ØSUS. Det blei der gitt ein del avvik. Prosjektet “innreiing av kantine” blei derfor utsatt i påvente av ekstra midlar i økonomiplan for 2016. Det blei der satt av budsjettet midlar for å handtere avvika og gjennomføre dei planlagde endringane.

Brannbil/utrykkingskjøretøy

Det vart lyst ut anbod på Doffin om ny brannbil («framskutt enhet»). Det var to tilbydarar. Desse tilboda blei gått gjennom og kontrollrekna og vurdert ut frå krav og spesifikasjonar i konkuransegrunnlaget. Det er lang leveringstid da bil skal byggast etter ynskje og tilpassing til Øystre Slidre brannvesen. Den nye bilen er under levering/produksjon og vil bli levert i løpet av våren 2016. Chassis er belasta 2015-budsjett, resterende kostnader (innreiing mv) vil bli belasta 2016.

Markahøvda utbyggingsområde

Her er det ein del reklamasjonar som vil bli fullført våren/sumaren 2016 etter avtale med leverandør.

Grønolslie utbyggingsområde

Her blir det i samarbeid med utbyggjar lagt hovudleidningsnett for vatn og avlaup i eit nytt hyttefelt. Kommunen skal ta over leidningane når dette er ferdig utbygd. Leidningane er ferdig utbygd, men kommunen har ikkje formelt overteke dei. Leidningane er ikkje i samsvar med beskrivinga i utbyggingsavtalen/norm/standard på dette området. Dei er difor ikkje formelt overtekne av kommunen, men vil bli overtekne den dagen avvika er retta opp og ferdigbefaring utført og godkjent.

Størrtjednlie utbyggingsområde

Her blir det i samarbeid med utbyggjar lagt hovudleidningsnett for vatn og avlaup i eit nytt hyttefelt. Kommunen skal ta over leidningane når dette er ferdig utbygd. Leidningane er ikkje i samsvar til beskrivinga i utbyggingsavtalen og norm/standard på dette. Dei er difor ikkje formelt overtekne, men vil bli overtekne den dagen avvika er retta opp og ferdigbefaring utført og godkjent.

11. Næring og Byggesak

11.1. Generelt om avdelinga og hendingar i 2015

Avdeling for næring og byggesak har oppgåva med å forvalte kommunen sitt ansvar etter mange ulike lovverk. I tillegg kjem forvaltningsoppgåver knytt til fleire av kommunen sine planar og oppfølging av ulike politiske vedtak.

Avdelinga har hatt ei vakant stilling fram til august, då ein tilsette ny jordbruksjef. Ein har derfor prioritert å konsentrere seg om dei løpende oppgåvene. Det er ei positiv haldning i avdelinga til å ta ansvar for andre og nye oppgåver i slike situasjoner, og ein har klart å få unna dei aller fleste sakene innanfor akseptable tidsrammer. Langt dei fleste av kurante søknadar vart til dømes handsama godt under dei tidsfristane som er sett i plan- og bygningslova.

På næringssida har ikkje avdelinga nådd dei måla ein har hatt til utoverretta verksemد, i hovudsak grunna bemanningssituasjonen, men ein har hatt eit møte med næringsdrivande frå bygg- og anleggsnæringa. Kommunen har elles god og tett dialog med Beitostølen Utvikling.

Kommunen har generelt god styring og orden i eigedomsgrenser og matrikkel. Dette er sentralt og særskilt viktig for effektiv og rask handsaming av mange ulike saker.

Avdelinga har i haust arbeidd ein del med lovpålagnede byggeplasstilsyn. Ein har og gjort ein del oppfølging med omsyn til bygg og påbygg som er oppførte, utan at naudsynte løyver er på plass. Det blir gitt pålegg om å få retta opp i tilhøva. Avdelinga har utarbeidd ein tilsynsstrategi for 2016-2017 som er vedteken i formannskapet. Denne gjer rammer for tema, omfang og sanksjonar.

Innan landbruket rår det framleis ein forsiktig optimisme. Det er gledeleg å sjå at ein det siste året har ein del eigarskifte der dei nye brukarane held fram med mjølkeproduksjon. Etter eit par særskilt aktive år på byggefronten i 2012 og 2013 vart det færre slike prosjektet i 2014 og 2015. Likevel er det tilfredstillande å sjå at omlegginga frå lokal forvaltning av tilskotsordningane til fylkesnivå ikkje ser ut til å bli så negativ som ein kunne frykte.

Året 2015 har vore nok eit år med relativt stor byggeaktivitet i kommunen. Spesielt gledeleg er det at talet på godkjende nye hytter held seg relativt høgt. Det er likevel ottefullt at talet på nye heilårsbustader går ned, då ein kan sjå dette i samanheng med utviklinga i folketal og spesielt alderssamsetnad. I 2015 er det søkt om, og sett i gang, berre eitt bygg.

Det tek elles til å minke noko på attraktive byggeklare tomter for fritidshus og næringssbygg i regulerte område, sjølv om det framleis er reserver i Markahøvda. Høg byggeaktivitet innanfor denne sektoren er svært viktig for kommunen. Det er store mogelegheiter i Gravfjellet, men det står framleis att ein del avklaringar før reguleringsplanarbeid i aktuelle område med tilhøyrande utbygging kan utførast.

Konkuransen om hyttebyggaren har vorte hardare. Vakre kulturlandskap, samt eit ski- og løypenet i beste klasse, er naudsynt for å vinne fram blant konkurrentane. Kommunen har prioritert å bruke ein del midlar på desse felta.

Talet på ulike slag saker som blir handsama har dei siste åra vore svært stabilt.

Delegasjonssaker inneheld også saker om SMIL-midlar, grøfting, motorferdsel og kulturtorskott. Talet på KUN-saker har gått ned, då denne nemnda vart lagt ned og hadde sitt siste møte 8/9. Desse sakene går no til formannskapet.

Tabell 11-1 Tabell som syner tal skrivne saker i åra 2007 – 2015

Organ	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Nemnda for KUN	68	72	55	54	58	46	23	46	35*
Delegasjonssaker	451	380	371	352	301	402	438	431	434
Sum saker handsama	519	452	426	406	359	448	461	477	469

* Lagt ned frå 8/9

11.2. Byggesak

Kommunen har fått utarbeidd ein tilsynsstrategi, som gir rammer for omfang av tilsynsaktiviteten, kva for tema ein skal sjå på, og kva for sanksjonar som er aktuelle. Ein har erfaring for at det er ein del ulovleg oppførte bygg i kommunen, og avdelinga har i haust take ein del grep for å få desse inn i lovelege former. Det har og vore gitt pålegg om riving.

Det er òg no ein del erfaringar frå den endringa i bygningslova som trådde i kraft frå 1. juli i 2015. Ein ser at det no lettare kan skje mistak som kan føre til at det blir sett opp ulovlege bygg, eller at det kan bli konfliktar med eventuelle naboar.

Tabellen under syner og at det er mange søknader som gjeld utsleppsløyve til spreidde avløpsanlegg. Slike søknader kjem ofte som eit produkt av at det blir ført fram straum til eldre hytteområde. Dette er ei utvikling som aukar bruken av fritidshyttene. Dette er positivt, men ein ser òg at denne utviklinga kan gi ein del forureiningsutfordringar på sikt. Arbeidet med ein eigen kommunal vatn- og avløpsplan vil bli eit viktig styringsverktøy for kommunens sakshandsaming av slike saker.

Tabellen under syner byggeaktiviteten fordelt på type bygg. I tillegg er tal seksjonerings-/ delings- og konsesjonssaker teke med:

Tabell 11-2 Byggeaktivitet fordelt på type bygg

Type sak	2007	2010	2012	2013	2014	2015
Nye heilårbustader	9	16	8	7	4	1
Nye hytter	51	16	25	29	37	32
Nye anneks	26	13	15	9	12	7
Uthus/garasje og andre bygg	21	60	47	29	34	15
Tilbygg og påbygg bustad	11	5	8	9	7	12
Tilbygg og påbygg hytter	49	44	36	30	35	24
Landbruksbygg – tilbygg og nye	5	15	17	10	5	14
Veganlegg	8	6	1	4	9	2
Forretningsbygg	5		1	3	5	0
Utsleppssaker	50	37	32	23	46	33
Delingssaker	102	90	45	100	70	119
Konsesjonssaker	9	6	8	10	10	13
Seksjonering	7	1	0	2	3	1


2012 var fyrste året kommunen berekna areal på bygg for å synleggjere eit konkret volum på ny bebyggelse. Ein ser at det er jamn aktivitet på marknaden for fritidsbustader. Om ein reknar med ein snittpris på 35 000 kr/kvm., blir det årleg investert meir enn 150 mill. kr i denne marknaden.

Tabell 11-3 Bebygd areal (BYA) kvm.

	2012	2013	2014	2015
Bustader	950	1 730	1 351	910
Fritidsbustader og annekts	4 360	3 997	4 943	4 783
Garasje/uthus for hytter og bustader	1 620	1 158	1 161	519
Landbruksverksemde	3 050	3 192	1 063	1 091
Anna næring	760	100	2 582	935
Offentlege bygg		300	1 256	0
Sum	10 740	10 477	12 356	8 933

11.3. Kart og oppmåling

Vi har ingen etterslep på oppmåling. Kommunen fekk matrikkeltilsyn frå Statens kartverk no i haust, og det vart konstantert to små avvik. Desse er som no er lukka, ved små endringar av eksisterande rutinar. Talet på oppmålingssaker held seg godt oppe, og ein klarte i 2015 å gjennomføre heile 162.

Figur 11-1 Utvikling oppmålingssaker 1995-2015

Talet på 900 «sirkeleigedomar», som er utan sikre og målte grenser, er redusert ned til kring 850. Dette skuldast ekstra innsats frå oppmålingsingeniøren, at ein har gått ut med eit kollektivt tilbod til eit større område, og at kommunen deltek i eit prosjekt for matrikkelforbetring. Det er framleis naudsynt å arbeide vidare med dette, samt ein innsats for å få på plass alle grensene langs vegnettet i kommunen.

Kartinnsynsverktyet GeoInnsyn som kommunen no har tilgang til, gjer at ein no lettare kan gjera eit enkelt og raskt kartinnsyn for å sjå på kart, flyfoto, planer og eigedomar på nettbrett og smarttelefon, også ute i felt.

Oppmålingsingeniøren er sterkt involvert i regionsamarbeid på kartsida, og sit som representant for småkommunane i ei sentral faggruppe for matrikkelen i Norge.

Kommunen er originaldatabasevert for det nasjonale kartsystemet AR5 eller «Areal og ressurskart»

11.4. Jordbruk

Generelt


Talet på bruk med ku- og geitemjølkproduksjon går sakte og sikkert nedover, men produsert volum har auka. Mjølkekota i Øystre Slidre er i snitt for 2015 på 108 000 liter kumjølk, ei auke

frå 86 000 liter i 2010. Dette gir ein prosentvis auke på heile 26 %. Samla sett vart det i 2015 produsert 7 mill. liter mjølk mot 6,3 mill. liter i 2010. 25 gardsbruk i kommunen leiger ut mjølkekvote, men det er 40 som leiger inn i alt 1,6 mill. liter.

Talet på saueføretak og talet på vinterfødde sauер er og svakt synkande, men langt mindre enn dei andre Valdres-kommunane, som alle har hatt stor nedgang.


Rovdyrkadane, spesielt i enkeltbesetningar, har vore ei stor påkjenning og utfordring dei siste åra. Kommunen har no i 3 år tilsett eige tilsyn i fjellet. Attendumdingane frå næringa på dette tiltaket har vore svært positive. Tapa dei to siste åra for saueneringa vart heldigvis langt mindre enn i åra 2012 og 2013, men reinlaget fekk ei lei rovdyrkade i jule- og nyttårshelga i 2014/2015.


Figur 11-2 Utvikling i husdyrhaldet 2000-15



Generelt har det vore ei sterk strukturutvikling i landbruket dei siste 10 åra. Under ser ein korleis bruksstruktur og produsert mengde varierer mellom Valdres-kommunane og korleis vi ligg an samanlikna med gjennomsnittstal for Oppland, m.o.t. mjølkeproduksjon på storfe.


Figur 11-3 Endring i mjølkekvote liter/føretak 2010-15



Figur 11-4 Reduksjon i tal mjølkeføretak 2010-15

Jordbruksarealet i bruk er om lag som før. Mykje, og ein aukande del, av produksjonstilskota er knytt til ulik arealbruk. Dette er kraftige virkemiddel for å halde areala i hevd. Tilstkota utgjer ein svært stor del av økonomien på gardsbruka. Det er utbetalt kring 2,5 mill. kr etter tilskotsordninga "Regionalt miljøprogram". Størst del går til tilskotsordningar knytt til stølsbruka. Næringsa samla tek i mot ca. 42 mill. kr i ulike produksjonstilskot, omrent som i 2014. Det er ein vekst i interessa for ammekyr. Dette er ei spanande utvikling, men det gir også ein del nye utfordringar med omsyn til arealbruken i utmarka. Samla blir det produsert kring 380 tonn kjøt samla for alle dyreslag i vår kommune. Berre Nord-Aurdal med sine vel 500 tonn har større kjøtproduksjon i Valdres.

I søknadsomgangen for produksjonstilskot var det i år 160 søker. Samla står næringa for ei betydeleg verdiskaping. Ut frå snittprisar i marknaden, samt leveransestatistikkene, gjev primærnæringane jordbruk og skogbruk ei samla verdiskaping på noko over 100 mill. kroner.

Figur 11-5 Verdiskaping i landbruket

Det er handsama i alt 14 SMIL-søknadar, med tilsegn om tilskot på i alt 334 000 kr.

Det har vore noko mindre aktivitet på byggefronten i 2015 med 2 utbyggingssaker, som no for første gong er endeleg sakshandsama av kontoret til Innovasjon Norge på Lillehammer. Samla utbyggingskostnad var kalkulert til 5 mill. kr.

11.5. Skogbruk

Etter at det vart snakka mykje om krisa i skogbruket i 2013, tok hogsten seg opp i 2014 og heldt seg oppe i 2015. Tømmerprisane vart betre enn dei siste åra, og aktiviteten i skogen auka. Mykje av dette skuldast ein langt lågare kronekurs.


Det var ei lita auke i avverkinga i år også, frå 21 145 m³ i 2014 til 21 226 m³ i 2015. I 2015 vart det levert tømmer frå Øystre Slidre til ein samla bruttoverdi av 5,8 mill. kr, og av dei vart 809 849 kr avsett til skogfond. Det er handsama 15 saker angåande hogst i verneskog, mot 3 saker i 2014, og 4 søknadar om bygging av landbruksveg, mot 6 søknader i 2014. Det er liten lokal foredling av tømmer/skogbrukets råstoff, utanom det som går til bioenergi.

Tabell 11-4 Verdiar i skogbruket i Valdres

	TOTALVOLUM m ³	Prosent sagtømmer	Pris kr pr. m ³	TOTALVERDI
SØR-AURDAL	99 601	51	335	33 330 971
NORD-AURDAL	45 782	50	300	13 741 598
ETNEDAL	27 708	50	313	8 666 909
ØYSTRE SLIDRE	21 226	43	275	5 838 639
VESTRE SLIDRE	14 894	43	274	4 078 978
VANG	1 095	55	316	345 977
Totalt 2015	210 306		302	66 003 072


Totalt vart det utbetalt 82 417 kr i NMSK-tilskot (Nærings- og miljøtiltak i skogbruket) i 2015, mot 78 166 kr i 2014. Tilskotssatsane for NMSK vart senka frå 2014 til 2015 fordi vi fekk lågare tildeling frå Fylkesmannen. Auka i NMSK tilskot er difor knytt til ein gledeleg auke i skogkulturtaktivitet (planting og ungskogpleie). Fylkesmannen tildeler ein pott NMSK tilskot til kvar kommune, og kommunane bestemmer tilskotsprosent og forvaltar tilskotet vidare. Den nye regjeringa har auka tilskotspotten mellom anna til skogsvegar, mens tilskotet tilgjengeleg til skogkultur vart mindre.

Nytt for 2015 var at Valdres-kommunane samarbeida om ein felles tilskotsprosent for dei ulike skogkulturtiltaka (markberedning, planting, ungskogpleie). Grunnlaget for dette samarbeidet var mellom anna å gjøre det enklare å gjennomføre det regionale "Skogkulturprosjektet i Valdres", som starta opp i fjor. Det første året av prosjektet har totalt sett gått over all forventing, men det er fortsatt ei målsetjing å auke avverking og skogkulturtaktiviteten gjennom dette tiltaket som er tre-årig.

Figur 11-6 Planting og avverking 1995-2015

11.6. Miljø- og naturforvaltning

- Ved årsskiftet var det 31 gyldige løyve for motorferdsel i utmark, av desse 21 løyve for leigekjøring (periode 2012 – 2015). Totalt vart det handsama 47 dispensasjonssaker, mot 22 i 2014. Auka er hovudsakleg skylda at ei ny periode for leigekjøring startar i 2016.
- Talet på sau/lam erstatta grunna freda rovvilt, gjekk heldigvis ned frå det store tapsåret i 2013, som var på 399 dyr. I alt vart det i 2015 erstatta 57 søyer og lam. Størst tap er knytt til jerv. Det vart utbetalt 113 000 kr i erstatning. Dette er ei gledeleg utvikling, men ein må ikkje gløyme at Fram tamreinlag hadde store rovdýrskader til ulv ved årsskiftet 2014/2015.
- Viltnemnda hadde ikkje møte i 2015. Det kommunale viltfondet hadde ved årsskiftet behaldning på 48 110 kr.

Figur 11-7 Felt hjortevilt 1980-2015

Talet på felt elg har dei siste 5 åra vore på mellom 70 – 100 dyr. Målsettinga for elgforvaltinga er ei stamme som står i høve til beite ressursane, med ei årleg avskyting på rundt 100 elg.

Fellingsresultatet for rådyr har hatt ei lita auke frå 26 felte dyr i 2014 til 28 felte dyr i 2015. Svingingar i rådyrbestanden kjem som følgjer av snøtilhøva det enkelte år, og predasjonstrykk frå mellom anna rev og gaupe.

Det er også liten endring i felt hjort frå 2014 (14 stk.) til 2015 (13 stk.). Frå 2013 til 2014 var det derimot nesten ei dobling i avskytinga av hjort. Dette kjem av at bestandsplanen for elg og hjort i Øystre Slidre kommune, som vart godkjent i 2014, opnar for at hjorten kan takast ut der den er, og at vald som tidlegare har vore for små no er innlemma som jaktfelt i storvaldet og difor likevel kan få løyve til å jakte hjort. I tillegg har bestanden av hjort auka.

12. Kraftforvaltning

Kraftforvaltninga i 2015

Kraftforvaltninga i kommunen blir gjennomført i samsvar med kommunestylesak 43/13 der strategi for kraftforvaltninga for perioden 2014-2015 vart fastsett.

Frå og med 1.1.2014 har det vore Axpo Nordic A/S som har vore den eksterne forvaltaren av krafta.

Rettstvistar

Lagmannsretten gav i 2011 Valdes-kommunane medhald i tvistesak mot Oppland Energi A/S om tolking av avtale om uttak av kraft frå Lomen og Faslefoss. Endeleg avrekning vart ikkje fastsett i 2015. Det er eit mål om samarbeid mellom kommunane Vestre Slidre, Nord-Aurdal og Øystre Slidre om å få løyst opp i dette. Arbeidet er vidareført i 2016.

Økonomisk resultat 2015

Kommunen disponerer ei kraftmengde på om lag 54,5 GWh. Av konsesjonskrafa og andelskrafa vart 48,9 GWh sold på kraftbørsen. Kraftproduksjonen på Skoltefoss kraftstasjon utgjorde i 2015 2,5 GWh, som i sin heilheit vart sel på kraftmarknaden. Resterande del av kommunekrafa vart brukt i eigne kommunale bygg.

Kraftprisane har dei to siste årene vore på eit lågt nivå.

I og med at kommunen selde 58 % av krafta til fastpris på 27,6 øre kWh var inntektene innan kraftforvaltning om lag som budsjettet.

Tabell 12-1 Sal av kraft 2015

Omsetning måned	mWh	Konsesjonskraft og avtalekraft				Skoltefoss		
		spot kWh	fast	sum	snittpris øre/kWh	mWh	spot kWh	sum
Januar	5 460	26,2	27,6	1 471 866		78	25,7	20 052
Februar	4 993	25,3	27,6	1 320 162		57	24,9	14 150
Mars	5 282	21,6	27,6	1 322 993		75	21,4	16 060
April	2 316	21,5	27,6	1 170 504		160	20,9	33 538
Mai	4 029	18,9	27,6	979 699		449	18,0	80 687
Juni	2 293	12,6	27,6	439 868		344	12,0	41 212
Juli	1 603	8,4	27,6	234 832		351	8,0	28 052
August	3 737	10,7	27,6	815 143		343	7,9	27 212
September	4 467	12,3	27,6	997 187		401	12,4	48 621
Okttober	4 537	9,8	27,6	909 493		71	18,8	13 402
November	4 994	23,7	27,6	1 293 490		89	22,9	20 422
Desember	5 140	17,5	27,6	1 170 429		92	16,6	15 296
Totalt	48 851			12 125 666	24,8	2 510		358 704

Mottatt utbytte for 2015 fordeler seg med 657 792 kr frå Eidsiva Energi A/S og 1 057 666 kr frå Valdres Energiverk A/S

Kommunen har avtale med Oppland Energiverk om refusjon knytt til høgspentlinja/Kalvedalslinja. Det vart gjennomført ny avrekning for 2013 og 2014 knytt til denne avtala i 2015. Avrekning for 2015 vil skje i etterkant i løpet av medio 2016.

Tabell 12-2 Refusjon OE Kalvedalslina

	Beløp
Akonto 2015	666 000
Restavrekning for 2013	309 268
Restavrekning for 2014	290 438
Sum	1 265 706
 Budsjett 2015	 666 000

13. Finansforvaltning

Kommunen har per 31.12.2015 alle midlane plassert i bankinnskot på vilkår fastsett i rammeavtale med banken.

Likviditeten til kommunen god.

Kommunen har hatt ein klar politikk på å ha flytande rente på storparten av lånemassen. Over tid vert renta då lågare, og kommunen sin økonomi har så langt vore robust nok til å takle svingingane.

Tabell 13-1 Økonomisk oversikt - finansområdet

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Renteinntekter	-3 807 000	-5 370 000	-4 372 040
Utbytte	-1 872 000	-1 500 000	-1 979 971
Kursgevinstar	-27 000	0	-94 000
Andre finansinntekter	-147 000	-235 000	-58 000
Sum finansinntekter	-5 851 000	-7 105 000	-6 459 982
Renteutgifter	3 615 000	4 940 000	3 822 468
Avdrag	8 991 000	9 100 000	8 348 422
Kurstap	0	0	71 000
Andre finansutgifter	0		26 125
Sum finansutgifter.	12 605 000	14 040 000	12 268 015
Netto utg. finans	6 754 031	6 935 000	5 808 032

Tabell 13-2 Renteberande omløpsmidde

	Saldo per 31.12.15	Avkastning	Renter
Bankinnskot			
Sparebank 1 Hallingdal Valdres	88,7 mill.	2 %	1,7 mill.
Fondsobligasjoner			
Tolga og OS Sparebank 5 md	5 000 000	flytende 4 %	0,1 mill.
Ansvarlege lån			
Valdres Energiverk	20 000 000	6,70 %	1,34 mill.
Eidsiva Energi	4 934 000	7,00 %	0,34 mill.
Andre finansinntekter			0,32 mill.
Sum renteinntekter			3,8 mill.

14. Økonomiske tabellar - ressursbruk - KOSTRA

14.1. Område Opplæring og kultur

Tabell 14-1 Kvalitetsindikatorar barnehage (Kjelde: SSB – KOSTRA)

	Øystre Slidre			Gr.2	Oppland	Landet
	2013	2014	2015	2015	2015	2015
Barnehage						
1. Andel born - 1-2 per med barnehageplass i forhold til innb-1-2 år i %	84,1	76,9	87,3	80	79,3	80,7
2. Andel styrarar og ped. leiarar med godkjent førskuleutdanning %	88,9	94,1	100	95	92,7	91,8

Kommentarar

1. Andel barn 1-2 år i barnehagen er 87,3 %, som er vesentleg høgare enn 2014 og betre enn både Oppland og landet.
2. Andel styrarar og i pedagogiske leiarar som har godkjent førskuleutdanning er 100 %, dette er betre enn dei vi samanliknar oss med

Tabell 14-2 Ressursbruk barnehage, skule og kulturskule (Kjelde: SSB – KOSTRA)

	Øystre Slidre			Gr.2	Oppl.	Landet
	2013	2014	2015	2015	2015	2015
Barnehage (kommunale)						
1. Korrigerte brutto driftsutg. per born	152 025	160 488	170 678	170 383	173 056	181 520
Grunnskule						
2.Korrigerte brutto driftsutg. per elev	114 422	133 090	127 113	126 374	110 490	112 607
3. Driftsutgifter til undervisningsmateriell	1 363	1 689	1 896	1 732	1 649	1 430
Kulturskule						
4. Korrigerte brutto driftsutg. per brukar	10 953	12 688	11 868	15 628	17 244	17 156
5. Netto driftsutg. per innbygg. 6-15 år	4 689	5 403	4 992	3 703	2 996	2 165

- Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage viser at kommunen sine utgifter nærmar seg andre kommunar, jf. KOSTRA.
- Tala for korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole per elev, viser at kommunen brukar meir enn både Oppland og kommunegruppe 2.
- Driftsutgifter til undervisningsmateriell har hatt ei auke i forhold til tidlegare år. Vi ligg no over kommunegruppe 2 og over Oppland og landet.
- Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler per brukar viser at vi driv billeg per elev (brukar). Dette heng m.a. saman med at det er mange samspelsgrupper.
- Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler per innbyggjar 6-15 år ligg forholdsvis høgt, fordi ein høg andel av grunnskuleelvane går i kulturskulen.

14.2. Område Helse og omsorg

Prioritering

Tabell 14-3 KOSTRA-indikatorar for Helse og omsorg 2015 - prioritering

	Øystre Slidre		Gr. 2	Oppland	Landet
	2015	2014	2015	2015	2015
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter	6,5	5,4	5,2	4,9	4,4
Netto driftsutgifter til forebygging pr. innb. helsestasjon og skole 0-5 år	10 609	9 465	9 608	9 523	7 809
Netto driftsutgifter til forbygging pr. innb. helsestasjon og skole 0-20 år	2 518	2 392	2 458	2 381	2 177
Netto driftsutgifter pr. innbygger til pleie og omsorgstjenester	19 354	19 515	19 724	19 108	15 947
Netto driftsugifter til PLO i prosent av kommunens netto driftsutg.	36,4	34,2	32,7	34,5	29,9

Det er ei markant auke i utgiftene til pleie- og omsorgsformål i 2015. Dette kan i fyrste rekke skuldast at drifta av VLMS kom i gang frå 01.06.2015.

Kommunen satsar godt på førebyggande tiltak i helsestasjon og skulehelsetenesta, og vi ligg no godt over kommunegruppe, Oppland og landet. Vi meiner dette er rett satsing fordi vi ser det er viktig å kome inn med førebyggande tiltak så tidleg som mogeleg i livsfasa for å skape best mogeleg utvikling for barnet.

Dekningsgrad

Tabell 14-4 KOSTRA-indikatorar for Helse og omsorg 2015, Dekningsgrad bustader til pleie og omsorgsformål

	Øystre Slidre		Gr. 2	Oppland	Landet
	2015	2014	2015	2015	2015
Mottakere av hjemmetj., pr. 1000 innb. 67-79 år.	95	111	82	82	69
Mottakere av hjemmetj., pr. 1000 innb. 80 år og over.	376	340	375	349	331
Andel heimet.mott. med omfattende bist.behov, 67 år+	26,8	20,2	12,2	14	12,8
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	30,2	28	19,4	17,6	18,7
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	90,3	101,2	92,4	94,8	97

Det går fram av tabellen over at mottakarar av heimetenester i aldersgruppa 67 – 79 fortsatt er synkande. Det er ei auke i mottakarar av heimetenester i aldersgruppa over 80 år. Andelen med omfattande bistandsbehov aukar sterkt, og det blir brukt mykje av ressursane ein frigjør ved at det blir færre brukarar i 67-79 års gruppa, på desse.

2014 var prega av sers høgt belegg på sjukeheimen, noko vi ser ikkje er tilfellet i 2015. Belegget svingar frå år til år, men 2014 var eit heilt spesielt år med rekordhøgt belegg.

15. Årsmelding for Omsorgsfondet 2015

1. Heimel

I medhald av vedtekten for fondet skal det utarbeidast årsmelding om forvaltning av fondet.

2. Utvikling av fondskapitalen

Tabell 15-1 Utvikling av fondskapitalen - omsorgsfondet

	Beløp
Saldo 01.01.2015	1 672 355
Renter 2015	36 894
Bruk av fondet	-38 150
Saldo 31.12.2015	1 671 099

Den urørlege kapitalen til fondet er på 1 500 000 kr.

3. Bruk av omsorgsfondet

Midler fra omsorgsfondet er i 2015 brukt til å finansiere opplæring.

4. Plassering av omsorgsfondet

Omsorgsfondet er plassert i Sparebank 1 Hallingdal Valdres på vilkår som følgjer av særskilt avtale mellom kommunen og banken.

5. Andre gåvemiddel

I tillegg til omsorgsfondet er det per 31.12.2015 i årsrekneskapen innan bundne driftsfond oppført 810 567 kr i gåvemiddel.

I 2015 mottok kommunen samla sett 97 364 kr i gåver medan det vart gjort bruk av 172 102 kr av gåvemidlane.

16. Vedlegg

16.1. Folkehelseprofil Øystre Slidre kommune

Vedlagt under.

16.2. Valdres-GIS – vertskommune Vang kommune

Vedlagt under.

16.3. Innkjøp - vertskommune Sør Aurdal kommune

Vedlagt under.

16.4. Forsikring - vertskommune Sør Aurdal kommune

Vedlagt under.

16.5. Tenester i vertskommune Nord Aurdal kommune

Vedlagt under.

Øystre Slidre



Folkehelseprofilen er et bidrag til kommunens arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkningen og faktorer som påvirker denne, jamfør lov om folkehelsearbeid. Statistikken er fra siste tilgjengelige periode per oktober 2014.

Nye indikatorer i 2015:

- Utdanningsforskjeller i forventet levealder
- Utvidet indikator på drikkevann
- Laveste mestringsnivå i regning
- Overvekt blant kvinner
- Antibiotikabruk

Utgitt av
Folkehelseinstituttet
Avdeling for helsestatistikk
Postboks 4404 Nydalen
0403 Oslo
E-post: kommunehelsa@fhi.no

Redaksjon:
Camilla Stoltenberg (ansv. redaktør)
Else-Karin Grøholt (fagredaktør)
I redaksjonen: Fagredaksjon for folkehelseprofiler
Idékilde: National Health Observatories, Storbritannia
Foto: Colourbox og Scanpix
Bokmål, rettet versjon 29.05.2015
Batch 2905151027.2905151142.2905151027.2905151142.29/05/2015
12:34

Elektronisk distribusjon:
www.fhi.no/folkehelseprofiler

Noen trekk ved kommunens folkehelse

Temaområdene er valgt med tanke på mulighetene for helsefremmende og forebyggende arbeid. Indikatorene tar høyde for kommunens alders- og kjønnssammensetning, men all statistikk må også tolkes i lys av kunnskap om lokale forhold.

Befolking

- I aldersgruppen 45 år og eldre er andelen som bor alene ikke entydig forskjellig fra landsnivået.

Levekår

- Andelen med videregående eller høyere utdanning er ikke entydig forskjellig fra landsnivået.
- Andelen barn (0-17 år) som bor i husholdninger med lav inntekt er lavere enn landet som helhet. Lav inntekt defineres her som under 60 % av nasjonal medianinntekt.

Miljø

- Andelen personer som får vann fra vannverk som både har tilfredsstillende resultater mht. E. coli og stabil drikkevannsleveranse ser ut til å være høyere enn landsnivået. Statistikken gjelder den delen av befolkningen som får vann fra rapportpliktige vannverk. Når man vurderer kommunens drikkevannsforsyning, må det tas hensyn til hvor stor del av befolkningen som er tilknyttet slike vannverk, se indikatornummer 12, forsyningsgrad.

Skole

- Frafallet i videregående skole er ikke entydig forskjellig fra landsnivået. Frafall er en viktig folkehelseutfordring i hele landet. Les mer om frafall på midtsidene.
- Andelen 5.-klassinger som er på laveste mestringsnivå i regning er ikke entydig forskjellig fra landsnivået.


Levevaner

- På kommunenivå finnes det lite statistikk på levevaner som kosthold, fysisk aktivitet, bruk av tobakk, alkohol og rusmidler. I folkehelseprofilen finnes data på røykevaner og overvekt blant kvinner ved svangerskapets begynnelse. Dette kan si noe om levevaner i hele kommunens befolkning. Indikatorene under temaområdet helse og sykdom kan også indirekte gi informasjon om levevaner i befolkningen. Se Norgeshelsa statistikkbank for levevanestatistikk på fylkesnivå.

Helse og sykdom

- Forventet levealder for kvinner er høyere enn i landet som helhet. Forventet levealder beregnes ut ifra dødelighetsrater de siste 15 årene.
- Det er utilstrekkelig tallgrunnlag for å vise statistikk på sosiale helseforskjeller i kommunen målt som forskjell i forventet levealder mellom utdanningsgrupper.
- Andelen med psykiske symptomer og lidelser i alderen 15-29 år er lavere enn landet som helhet, vurdert etter data fra fastlege og legevakt. Les om psykisk helse blant barn og unge på midtsidene.
- Andel som legges inn på sykehus med hjerte- og karsykdom er ikke entydig forskjellig fra landsnivået. Denne indikatoren bør vurderes i sammenheng med andre indikatorer på hjerte- og karsykdom.

For flere indikatorer og mer detaljert statistikk se Kommunehelsa statistikkbank, khs.fhi.no




Tilrettelegging for god psykisk helse bland barn og unge

Å føle seg trygg, oppleve tilhørighet og det å trives i oppvekstmiljøet og lokalsamfunnet er grunnleggende betingelser for god psykisk helse gjennom hele livsløpet. Kommunens arbeid legger premissene for utviklingen av gode lokalsamfunn og kan dermed påvirke barn og unges psykiske helse.

Familie og nære venner er viktige personer for barn og unge i alle aldre. I løpet av oppveksten blir personer og relasjoner utenfor familien viktige. Kommunen har virkemidler til å skape gode rammer for barn og unge når de utvider sine sosiale omgivelser.

Lokalsamfunnet, kommunen og fylkeskommunen har betydelig innflytelse over mange arenaer der barn og unge ferdes. Det helsefremmende og forebyggende arbeidet vil bli best dersom kommunen ser tiltak i et utviklingsperspektiv, og der ulike aktører trekker i samme retning, se figur 1.

Figur 1: Arenaer for helsefremmende og forebyggende arbeid for psykisk helse på ulike alderstrinn (Øverland, 2014).



0–3 år: Helsestasjonen og barnehagen er viktige arenaer for det helsefremmende og forebyggende arbeidet. I tillegg er mange barn og foreldre en del av uorganiserte nettverk.

3–6 år: Barnehagen og uorganiserte arenaer for lek og aktivitet som nabolag og lekeplasser er viktig. Mange barn begynner også med organiserte fritidsaktiviteter.

6–16 år: Barna utvider omgangskretsen sin, og det blir mer vanlig å delta i organiserte fritidsaktiviteter. Barn tilbringer mye tid både på skolen og i skolefritidsordningen (SFO). I tillegg spiller skolehelsetjenesten og den pedagogisk-psykologiske tjenesten en viktig rolle i det forebyggende arbeidet.

16–19 år: De fleste går i videregående skole. I tillegg utvikler mange et selvstendig forhold til organiserte og uorganiserte aktiviteter. Noen unge får også kontakt med arbeidslivet i denne perioden.

Nabolag og fritidsaktiviteter

Å vokse opp i nabolag og lokalsamfunn preget av fellesskap, sosial samhandling og organisasjonsaktivitet fremmer psykisk helse bland barn og unge. Tilhørighet til nabøla kan være særlig viktig for sårbare grupper som kan ha mindre nettverk, slik som flyktninger, innvandrere, aleneforeldre og de som står utenfor viktige sosiale arenaer som skole og arbeidsliv.

Kommunen kan legge til rette for sosiale møteplasser, lekeplasser og «grønne områder» i nærheten av der folk bor, og slik bidra til gode nabolag og et godt oppvekstmiljø. Utbedring av boliger og boligstrøk kan øke stabiliteten og trivselen i nabøla, noe som bidrar til å trekke lokalsamfunn i en helsefremmende retning.

Å delta i organiserte fritidsaktiviteter som idrettslag, musikkorps og andre frivillige organisasjoner kan ha positiv virkning på barns utvikling og psykiske helse. Aktivitetene gir mulighet for at barn og unge kan samhandle med støttende voksne, etablere vennskap med jevnaldrende, gjøre en innsats mot felles mål og få mestringssopplevelser.

Tidlig innsats i barnehage og helsestasjon

I dag går 97 prosent av 3-5-åringene i barnehage. Barnehagen har gunstig effekt på barns språklige og sosiale utvikling. Særlig for barn fra familiær med lav sosioøkonomisk status og innvandrerbakgrunn har barnehagen stor betydning. Barnehagen kan derfor være en viktig arena for utjevning av sosiale helseforskjeller. Kvaliteten i barnehagen er vesentlig, og følgende er viktig for kvaliteten:

- Relasjonen mellom voksen og barn
- Innholdet i det pedagogiske tilbuddet
- Utdanningsnivået blant personalet
- Antall barn per voksen
- Stabilitet i personalet

Barnehager og helsestasjoner kan fange opp og hjelpe barn som viser tegn til ulike psykiske plager, språk- eller afferdsproblemer. Å sette inn hjelpe tiltak tidlig gir bedre mulighet for å unngå senere psykiske vansker og uehdig utvikling. Barnehager og helsestasjoner er også viktige for å veilede foreldre og eventuelt henvise familién videre.

Barselgrupper kan gi nybakte mødre et nettverk som har betydning for både henne selv og barnet i en viktig livsfase.

Helsemyndighetene anbefaler at kommunene samordner tjenester som er rettet mot barn og unge. Modellen «Familiens hus» er én måte å organisere en helhetlig familietjeneste på. Tjenester som ofte inngår i «Familiens hus» er skolehelsetjenesten, helsestasjon for ungdom, barnevernstjenesten og den pedagogisk-psykologiske tjenesten.

Psykisk helse – ikke bare plager og lidelser.

Begrepet psykisk helse omfatter også det helsefremmende perspektivet som følelsen av å trives og kapasitet til å mestre livets utfordringer.

Les mer om psykisk helse på www.fhi.no/tema/psykisk-helse

Skolen som arena for faglig og sosial utvikling

Trivsel på skolen er en av flere faktorer som påvirker elevenes motivasjon for å lære, og trivsel er viktig for å kunne mestre utfordringer i skoleverdagen. Opplevelse av mestring styrker barns selvtilit og psykiske helse.

Figur 2 viser andelen 10.-klassinger som oppgir at de trives godt eller svært godt på skolen. Tallene blir vist både for kommune, fylke og landet som helhet.

Et belastende eller stressende skolemiljø vil øke risikoen for psykiske helseproblemer. Mobbing, faglige vansker, negative forhold til lærere og manglende støtte fra elever og voksne gir økt risiko for skolefravær og psykiske helseplager.

Figur 3 viser andel 10.-klassinger som oppgir at de føler seg mobbet på skolen. Tallene blir vist både for kommune, fylke og landet som helhet. Tallene for trivsel og mobbing kan skjule stor variasjon mellom ulike skoler i kommunen og dette må tas med i vurderingen av tallene.

Skolen kan bidra til å fremme elevenes psykiske helse gjennom å bygge opp et støttende sosialt miljø og fange opp elever med faglige vansker tidlig. Samarbeid med foreldre er også viktig. I tillegg finnes det ulike skoleprogrammer som har vist gode resultater, blant annet gjennom å øke elevenes kunnskap om psykisk helse, heve den sosiale mestringsfølelsen, styrke de sosiale ferdighetene og forebygge mobbing.

Frafall i videregående skole

Frafall i videregående skole er et omfattende problem i hele landet. Figur 4 viser kommunens utfordring med frafall i videregående skole sammenliknet med fylket og landet. Kommuneverdien kan skjule sosiale forskjeller mellom ulike grupper. Blant elever fra familiær med lavt utdanningsnivå, er andelen som faller fra høyere sammenliknet med elever fra familiær med høyt utdanningsnivå. Frafall i videregående skole reduserer muligheten i arbeidsmarkedet og øker risikoen for uføretrygd og dårligere levekår og helse.

Både norsk og internasjonal forskning viser sammenheng mellom psykisk helse og frafall i videregående skole. Spesielt kan atferdsvansker i barndommen føre til dårligere skoleprestasjoner som igjen fører til økt risiko for frafall. Tiltak som styrker barn og unge som sliter med faglige og sosiale vansker vil være effektive i forebygging av frafall. Det forebyggende arbeidet bør starte tidlig og omfatte alle faser i utdanningsløpet.


Aktuelle tiltak i kommunen er å satse på barnehager som bidrar til å styrke språk og sosiale ferdigheter. Videre er det viktig at skolen satser på god språkopplæring for alle, og med spesielle tiltak for elever som har lesevansker og andre læringsvansker. Også tiltak som styrker det sosiale miljøet på skolen kan forebygge frafall.

Frafallet i videregående skole er størst blant elever på yrkesfagene. Blant elever som står i fare for å falle fra har fleksible opplæringsløp og mer praksis for dem som strever med teoretiske fag, tett oppfølging og veiledning og samarbeid mellom skole og arbeidsliv, vist gode resultater.


I arbeidet med frafall er det behov for helhetlig og langsiktig satsing med utstrakt samarbeid mellom kommuner og fylkeskommuner.

Finn en utvidet artikkel med referanser på www.fhi.no/folkehelseprofiler


Figur 2. Andel 10. klassinger som trives svært godt eller godt på skolen (Elevundersøkelsen, 2008/09-2013/14).



Figur 3. Andel 7. og 10. klassinger som oppgir at de mobbes på skolen (Elevundersøkelsen, 2008/09-2013/14).



Figur 4. Andel som har sluttet på ikke bestått videregående skole, status fem år etter påbegynt opplæring (2011-2013).




Folkehelsebarometer for din kommune

I oversikten nedenfor sammenlignes noen nøkkeltall i kommunen og fylket med landstall. I figuren og i tallkolonnene tas det hensyn til at kommuner og fylker kan ha ulik alders- og kjønnssammensetning sammenliknet med landet. Statistikk uten alders- og kjønnsstandardisering finnes i Kommunehelsa statistikkbank, khs.fhi.no. Forskjellen mellom kommunen og landet er testet for statistisk signifikans, se www.fhi.no/folkehelseprofiler

- Grønn verdi betyr at vi med høy grad av sikkerhet kan si at kommunen ligger bedre an enn landet som helhet
- Rød verdi betyr at vi med høy grad av sikkerhet kan si at kommunen ligger dårligere an enn landet som helhet
- Gul verdi forteller at vi ikke med sikkerhet kan si om kommunen ligger dårligere eller bedre an enn landet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- Verdien for landet som helhet
- Variasjonen mellom kommunene i fylket

Halvsirkler: Kommuneverdier som er mer enn dobbelt så høye som landsverdien eller mindre enn halvparten av landsverdien, vises som en halvsirkel i figurens ytterkant. En «grønn» verdi betyr at kommunen ligger bedre an enn landet som helhet, likevel kan det innebære en viktig folkehelseutfordring for kommunen da landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå. For å få en mer helhetlig oversikt over utviklingen i kommunen kan du lage diagrammer i Kommunehelsa statistikkbank. Les mer på www.fhi.no/folkehelseprofiler og se Kommunehelsa statistikkbank, khs.fhi.no.



Forklaring (tall viser til linjenummer i tabellen ovenfor):

* = standardiserte verdier, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

1. 2013. 2. 2014. 3. 2014. 4. 2014, i prosent av befolkningen. 5. 2013, høyeste fullførte utdanning (av alle med oppgitt utdanning). 6. 2012, barn som bor i husholdninger med inntekt under 60 % av nasjonal median. 7. 2012, forholdet mellom inntekten til den personen som befinner seg på 90-prosentilen og den som befinner seg på 10-prosentilen. 8. 2013, i prosent av befolkningen. 9. 2011-2013, mottakere av varig uførepensjon. 10. 2011-2013, 0-17 år, av alle barn det betales barnetrygd for. Året 2012 er ekskl. 11. 2013, definert som tilfredsstillende resultater mht. E. coli (der minst 12 prøver er analysert) og stabil drikkevannsleveranse. Omfatter rapportpliktige vannverk. 12. 2013, befolkning tilknyttet rapportpliktige vannverk i prosent av totalbefolkningen. 13. 2011-2013. 14/15. Skoleåret 2008/09-2013/14, skoleåret 2012/13 finnes ikke i statistikken pga. endring i tidspunkt for innsamling. 16/17. Skoleåret 2011/12-2013/14. 18. 2011-2013. 19. 2004-2013, ekskl. årene 2006-2007 pga. teknisk feil ved innrapportering. Fødende som oppga at de røykte i begynnelsen av svangerskapet i prosent av alle fødende med røykeopplysninger. 20. 2011-2013, KMI over 25 kg/m² (basert på selvrappertert høyde og vekt før svangerskapet). Tall fra sykehus med lav rapportering er ekskludert. 21/22. 1999-2013, beregnet basert på aldersspesifikk dødelighet. 23. 1998-2012, vurdert etter forskjellen i forventet levealder mellom de med grunnskole som høyeste utdanning og de med videregående eller høyere utdanning. 24. 2011-2013, brukere av fastlege og legevakts. 25. 2011-2013, brukere av fastlege og legevakts. 26. 2011-2013, 0-74 år, legemidler mot psykiske lidelser, inkl. sovmedler. 27. 2011-2013, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sykdommer (ekskl. brudd og skader), brukere av fastlege og legevakts. 28. 2011-2013, 0-74 år, sykdom knyttet til hjerte- og karsystemet, brukere av fastlege og legevakts. 29. 2011-2013. 30. 2011-2013, 30-74 år, brukere av blodglukoseseenkende midler, ekskl. insulin. 31. 2003-2012. 32. 2003-2012. 33. 2011-2013, 0-74 år. 34. 2009-2013, vaksine mot meslinger, kusma og røde hunder. Datakilder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Utdanningsdirektoratet, Norsk pasientregister, Medisinsk fødselsregister (MFR), Primærhelsetjenestenes fastlege og legevakts (KUHR-databasen som eies av Helsedirektoratet), Kreftregisteret, Nasjonalt vaksinasjonsregister (SYSVAK), Vannverksregisteret og Reseptregisteret. For mer informasjon, se khs.fhi.no.

